

From: Jan Lofthus <jlofthus@broadpark.no>
Sent: 7. mars 2018 10:22
To: NVE
Subject: Innspel til straumkabel Eidfjord-Storbritannia

Til NVE

Som innspel til NVE, ber me dykk rå til at det IKKJE vert bygd ny straumkabel mellom Sima i Eidfjord og Storbritannia!

Både industrien i landet vårt, og folk i heile Norge må få tilgang på nok straum i framtida!!

Sist veke fekk me melding, frå Kraftverket i nabokommunen til Eidfjord, om å vera med å spare elektrisitet pga redusert forsyningskapasitet.

Norge må ha råderett og konkurransefordel!!!

Odda, 07.03.2018

Mvh Alvhild og Jan Lofthus

Sendt fra min iPad

NVE

Innsendt dato: 09.03.2018

Referansenummer: SWRXKB

Innsending av høringsuttalelse

Informasjonsside	
Fortsett med høringsuttalelsen	Ja

Personopplysninger	
Fornavn	ROLF YNGVAR
Mellomnavn	Ikke angitt
Etternavn	JENSSEN
E-postadresse	rolf.jenssen@statkraft.no
Mobilnr.	48164460
	Ikke angitt

Saksopplysninger	
NVEs saksnr.:	201101044
Sakstittel	NorthConnect - Likestrømsforbindelse Norge - Storbritannia

Høringsuttalelse	
Høringsuttalelse	Jeg mener det er rett å gi konsesjon. Viktigheten av å få ned det totale klimagassutslippet tilsier at andre forhold som har ulemper må vike i denne saken. En eventuell prisøkning på norsk vannkraft ser jeg på som positivt, det gir eierne som i 90% er offentlig eid større inntekter og det kan muligens være et incitament for den enkelte til å redusere forbruket av strøm. Det er genialt hvis norsk vannkraft kan erstatte forurensende produksjon i Skottland, det er gunstig for Norge å selge dyrt og kjøpe billig.
Høringsuttalelse som vedlegg	Ikke angitt
Vedlegg av bilder og kart	

NorthConnect - Likestrømsforbindelse Norge – Storbritannia, høring

Sammendrag basert på høringsdokumentasjonen:

1. Høringsdokumentasjonen er omfattende og for så vidt beskrivende for prosjektet og mulig konsekvenser bortsett fra miljø- og landskap ref. punkt 8.
2. For den som ikke er spesielt interessert i tema eller har sitt virke/kompetanse innenfor vann/vindkraftbransjer så er det mer eller mindre umulig å sette seg inn i høringsdokumentene noe som utelukker store deler av Norges befolkning.
3. Analysene bærer til dels preg av kreativ tilnærming spesielt knyttet til sentralnettet – det er Statnett som er ansvarlig for stamlinjenette og har således «lite med kabelprosjektet» å gjøre.
4. Vedrørende «samfunnsøkonomiske lønnsomhet Norge» så fremgår det at her er det Norges befolkning (strømkundene) som må bære kostnadene og kraftprodusenter/kabeleiere får inntektene (kall en spade en spade).
5. Generelt, - kraftoverskuddet som skal eksporteres er finansiert/subsidiert av strømkundene (fornybarhetsdirektivet el-sertifikatloven).
6. Som det fremgår av utredningen så vil kabelen medføre økte priser innenlands (angitt pris fremstår som stipulert/beregnet til 1 øre av politiske årsaker og fare for støy) og ligger nok nærmere 5 øre enn angitt prisøkning basert på de prisforskjellene som er i dag. Dette vil igjen påvirke «gevinsten» negativt på den eksportkapasiteten som er bygd/under bygging. Overskuddet i de sammenhenger kommer i betydelig større grad strømkundene til gode enn i omsøkt prosjekt.
8. **Det legges til grunn NorthConnect tilknyttes i et område med stor kraftproduksjon og vil avlaste flyten i transmisjonsnettet og at en dermed indirekte sier at kraft vil bli produsert «lokalt» noe som vil medføre et helt annet kjøremønster og bruk av magasin med tilhørende konsekvenser knyttet til miljø- og landskap. Dette er ikke utredet.**
9. Risikoen til prosjektet er det og strømkundene som må bære
10. Generelt så vil utenlands kablene i seg selv kunne medføre «ny markeder» som eks langsiktige transmisjonsrettighetene, og kapasitetsmarked med tilhørende kostnader som strømkundene må bære (det er allerede mange sugerør «i kassen» som strømkunde må ta konsekvensene av/kostnadene for, som eks opprinnelsesgaranti mv)
11. Dagens eksportkapasitet (inkludert påbegynte prosjekter er betydelig høyere enn kraftoverskuddet i Norge (Norden) 7600 MW - 66 TWh. Omsøkt kabel (som eventuelt komme i tillegg) 1400 MW - 12 TWh).
12. Generelt. Hvorvidt gitt konsesjoner (forarbeid, Stortingsproporsjon, erverv av private rettigheter mv har tatt høyde for annen bruk (her eksport) enn det som var grunnlaget for gitte konsesjoner kan en stille spørsmål ved og en må påregne at dette kan bli tema.

Konklusjon:

Det finnes ikke noe grunnlag/analyser som skulle tilsi at det skal gis konsesjon.

Hilsen
Kåre Paulsen
Saunes 36, 4200 Sauda
tlf. 99444745

From: Paulsen Kåre <Kare.Paulsen@statkraft.com>
Sent: 19. mars 2018 08:57
To: NVE
Subject: NorthConnect - Likestrømsforbindelse Norge - Storbritannia høring
Attachments: Høring.docx



ULVIK HERAD
Skeiesvegen 3
5730 ULVIK

NVE

Dykkar ref.:

Vår ref.:

18/62-4/K1 - 000/JAR

Direkte innval:

56 52 70 47

Stad/Dato:

21.03.2018

Høyring av søknad om ny straumkabel til Storbritannia - Høyringsinnspel - Ulvik herad

Formannskap - 017/18:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Samrøystes vedtak:

1. Ulvik herad meiner at kablar av denne storleik må byggast og driftast av det offentlege.
2. Ulvik herad vil rå frå konsesjon for omsøkte kabel mellom Simadal i Eidfjord og Peterhead i Skottland. Utanlandskablar kan på sikt føra til dyrare straum i Noreg. Dette vil svekka norsk industri si konkurransevna, og likeeins vera til ulempe for norske forbrukarar.
3. Etter bygging av Sima-Samnanger opplever ein større reguleringar av vassmagasina i heradet og dei negative konsekvensar dette har for bruken av området, både til rekreasjon og friluftsliv. Bygging av ny kabel vil etter UH sitt syn auka presset på vassmagasina. Desse konsekvensane er ikkje godt nok utgreidd.

Med helsing

Jarle Grevstad
Einingsleiar Teknisk



E-post

ulvik@ulvik.kommune.no

Telefon

56527000

Fax

56527001

Bankkontonr.

3450 19 70001

Organisasjonsnr.

971 159 928

From: Jarle Grevstad <jarle.grevstad@ulvik.kommune.no>
Sent: 21. mars 2018 10:27
To: NVE
Subject: 18/943 Høyring av søknad om ny straumkabel til Storbritannia - Høyringsinnspel - Ulvik herad
Attachments: Høyring av søknad om ny straumkabel til Storbritannia - Høyringsinnspel - Ulvik herad.pdf

Sjå vedlagte saksdokument.

Med helsing
Ulvik herad

NVE
Postboks 5091, Majorstuen
0301 Oslo
nve@nve.no

Dato:
23. mars 2018

Høyringsuttale NorthConnect sjøkabel

Innleiing

Med referanse til høyring vedrørende NorthConnect sin søknad om etablering av straukabel til Storbritannia mellom Sima i Eidfjord og Peterhead i Skottland, ønskjer Kværner å koma med ein uttale om korleis etablering av sjøkabel vil kunne påverke aktiviteten vår ved verftet på Stord.

Etablering av ein sjøkabel etter den skisserte traseen vil kunne ha negative konsekvensar for vår evne til å gjennomføra marine operasjonar, som er ein heilt sentral del av gjennomføringa av mange av Kværner sine prosjekt.

Konsekvensane ein sjøkabel vil ha for industrien som Kværner er ein del av er etter Kværner sitt syn ikkje dekkja i konsekvensutgreiinga. Kværner vil difor be om at ei oppdatert konsekvensutgreiing kor konsekvensane tiltaket har for verft- og baseverksemdar, og ev. andre delar av den offshoreretta leverandørindustrien, er inkludert.


Aktivitetar i sjøområda rundt verftet

Både for Kværner og andre verksemdar er tilgang til fjordar og dei nærliggjande sjøområda avgjerande for evna til å gjennomføra store og kompliserte prosjekt. Kværner sitt verft på Stord har eksistert i snart 100 år. Verksemda leverte si første plattform, Statfjord A, i 1977 og har sidan den gong vore ein sentral del av den norske olje- og gassnæringa. Fleire titals plattformer og andre installasjonar for Nordsjøen har sett dagens lys på Stord. Felles for dei fleste er at fjorden og havnebassenget rundt verftet har spela ei nøkkelrolle i gjennomføringa av prosjekta.

Dette gjeld følgjande områder:

- > Sjøområdet frå verftet og mot Halsnøyfjorden/Klosterfjorden blir brukt til oppankring, samankopling av skrog og plattformdekk, sjøprøvar og innløft av modular.
- > Sjøområdet utanfor Kjetteinståa og Eldøy blir brukt til ankring av løftfartøy, og andre flytande installasjonar som til dømes lastebøyer, halvt nedsøkkbare plattformer og vindmøller.
- > Det grunne området rundt øya Hille ved Halsnøy blir brukt til mellombels nedsetting av større strukturar som til dømes stålunderstell.
- > Digernessundet blir brukt til samankopling av store og djuptgåande installasjonar. Fram til midten av 90-talet var dette eit mykje brukt område for samankopling og ferdigstilling av Condeep-plattformer. I dag er det SPAR-plattformen Aasta Hansteen som er oppankra i Digernessundet. Minst eitt av dei to sjøankera er plassert i området kor den nye kabeltraseen er planlagt.

Kartet under gir ei oversikt over tidlegare prosjekt kor det har vore gjennomført marine operasjonar i sjøområdet kring verftet.



Fleire flytande installasjonar

Etter kvart som oljeindustrien migrerer nordover, er det venta at det framover vil bli ein aukande andel flytande offshoreinstallasjonar, som til dømes halvt nedskubbare plattformer, Sevan-type plattformer og skipsforma installasjonar som FPSO. Tilgang til djupe fjordar, djupvasskaiar og nærliggjande sjøareal vil difor bli endå viktigare framover. For Kværner sin del er dette ein føresetnad for å i det heile tatt kunne gjennomføre slike prosjekt, og det er eit viktig konkurransefortrinn. Det er også av denne grunnen at Kværner nyleg vedtok å investera 370 millionar kroner i nytt kaianlegg, spesialtilpassa flytande installasjonar. Parallelt har Kværner over tid investert i demoleringsanlegget på Eldøyane, både på land og i sjø, for å kunne ta imot tungløftfartøy og utrangerte installasjonar som skal hoggast opp og resirkulerast. Det vil også kunne bli aktuelt med fleire prosjekt som skal gjennomføra ein såkalla «in-shore hook-up» – altså samankopling av plattformdekk og skrog i dei nærliggjande sjøområda. Alle desse prosjekt-typene involverer store marine operasjonar, kor det vil vera viktig med tilgang til dei kringliggjande sjøområda.

Restriksjonar

Kværner opererer i ein internasjonal konkurranse med stort fokus på kostnader og pris. Det vil alltid vera ei frykt for at tiltak som den planlagte sjøkabelen vil kunne introdusera restriksjonar som er kostnadsdrivande, som legg avgrensingar på høvet vårt til å gjennomføra operasjonane, eller som medfører regulering og restriksjonar som kompliserer prosjektgjennomføringa.

Ei konsekvensutgreiing bør difor synleggjera kva restriksjonar ein eventuell sjøkabel vil medføra for anna aktivitet. For Kværner sin del vil aktuelle problemstillingar vera høve til oppankring og nedsetting av strukturar, tryggleiksavstand til kabelen og andre avgrensingar for marine operasjonar i nærleiken av kabelen, til dømes slep av strukturar inn og ut fjorden langs kabel. Korleis vil eit eventuelt nytt regelverk bli handheva med omsyn til søknadsprosessar og liknande? Kva krav om undersøking og dokumentasjon vil bli stilt der løftefartøy kryssar eller går langs med kabeltrasé med last hengande i krokane? Sistnemnte problemstilling er aktuell for mange strukturar som blir levert til Kværner sitt demoleringsanlegg på Eldøyane. I tillegg vil tungløftfartøy i periodar ha behov for å bruka sjøanker, dersom dei blir liggande ein periode kor det er naudsynt å gå over frå dynamisk posisjonering til oppankring. Kva ekstra restriksjonar og dokumentasjonskrav vil desse fartøya måtte halda seg til dersom det ligg ein sjøkabel i fjorden?

Oppsummering

Slik kabeltraséen er skissert i NorthConnect sine planar vil den kunne komme i konflikt med typiske marine operasjonar som Kværner og andre aktørar gjennomfører i dei aktuelle sjøområda. Kværner tykkjer det er positivt at det vert lagt opp til ei grundig konsekvensutgreiing, men meiner det er viktig at næringa som Kværner er ein del av, og som sysselset mange og er viktig for Sunnhordlands-regionen, også vert inkludert i konsekvensutgreiinga, ikkje minst når kabeltraseen er tenkt plassert tvers gjennom fjordområder som i mange tiår har vore nytta av denne industrien. Verken i konsekvensutgreiinga eller i lista over høringsinstansar er denne næringa inkludert. Kværner ber difor om at det vert gjennomført ei oppdatert konsekvensutgreiing kor konsekvensane tiltaket har for verft- og baseverksemdar, og ev. andre delar av den offshoreretta leverandørindustrien, er inkludert.

Vennlig helsing
for Kværner AS



Steinar Røgenes
Konserndirektør EPCI Kværner

Kopi:

Stord kommune

From: Naustdal, Odd <Odd.Naustdal@kvaerner.com>
Sent: 23. mars 2018 14:20
To: NVE; post@stord.kommune.no
Cc: Marcussen Kristian; Andreas Moe Larsen
(Andreas.Moe.Larsen@stord.kommune.no)
Subject: Høyringsuttale NorthConnect straumkabel frå Noreg til Storbritannia
Attachments: 180323 Høyring NorthConnect.pdf

Hei.

Vedlagt er høyringsuttale frå Kværner vedrørende konsesjonssaken om straumkabel frå Noreg til Storbritannia.

Venleg helsing

Odd Naustdal
Kommunikasjonssjef / Head of Communications West Norway
Kvaerner

Mobile: +47 905 76 079
E-mail: odd.naustdal@kvaerner.com
Web: www.kvaerner.com

Kværner AS
Visiting address: Eldøy , 5404 Stord
Postal address: PO Box 2000 , 5409 Stord
Registered in Norway, registration no. 916 297 807 VAT

This e-mail and any attachment are confidential and may be privileged or otherwise protected from disclosure. It is solely intended for the person(s) named above. If you are not the intended recipient, any reading, use, disclosure, copying or distribution of all or parts of this e-mail or associated attachments is strictly prohibited. If you are not an intended recipient, please notify the sender immediately by replying to this message or by telephone and delete this e-mail and any attachments permanently from your system.

Høyringsuttalelse Northconnect

Undertegnende driv fiske etter reker med trål hovedsaklig i ytre del av Hardangerfjorden og ved kysten utenfor. Høyringsuttalelsen gjelder da konflikter i forhold til dette. Hovedsaklig områder som dekkes av kart 9 og 10 i søknad.

Ser og att det er div. kart med forskjellige trasse alternativ i søknaden men, rekner med kart 9 og 10 er dei gjeldende. Dette passer og med posisjoner eg har motatt direkte fra Northconnect.

Kabelen i sjø er den desidert største natur inngrepet i prosjektet 665Km X 10-50m. Dette kan lett bli gløymt da den ikkje er synlig og i konflikt med folk flest.

I søknaden beskrives løsninger for å unngå konflikter og avbøtende tiltak. I hovedsak er det nedgraving av kabel og steindumping over kabel, slik att den ikkje skal ta skade av tråling. Det virker som om det er beskyttelsen av kabelen som er det viktige og ikkje problemer for andre.

I det angjeldande området (Kart 9 og 10) er traseen for kabler planlagt lagt **midt** i dei fleste trålfelta som er her. Dette viser og posisjoner som eg har fått direkte fra Northconnect. Desse trålfelta er utvikla over fleire generasjoner. Eg kan ikkje sjå att det er planlagt alternative trassear, som går utenom desse trålfelta. Dette burde vert gjort. Karta over trålfelta er tilgjengelige fra Fiskeridirektoratet. Dei er og brukt i utredninga «Konsekvenser for fiskeri, havbruk og skipsfart» Fig 4.15 men her er ikkje dei valgte trasseane tegna inn.

Reketrålerane som tråler i desse områda er små, typisk mellom 8-15m. Utstyret er da tilsvarende lite slik att hindringer på botn vil skade utstyret. All steindumping vil da i tillegg til å ødelegga bunnfaunaen som reker lever på (mudder). Gjøre det umulig å tråle. Når ein tråler treng ein, eit rett strekke å dra og, desse felte er små, så hindringer i desse vil ødeleggja trålfelta for alltid. Ned spyling av kabel vil være eit bedre alternativ. Men som fig 2.2 i utredningen «Konsekvenser for fiskeri, havbruk og skipsfart» viser kan det føre til ujevnheter i botn som i ugunstige tilfeller kan føre til fastkjøring og skade på utstyr.

Konklusjonen fra meg blir da.

Trasse legges utenom registrerte trålfelt ved kysten. Visst den likevel må legges i trålfelt skal den krysse trålfelta mest mulig på tvers. Kabelen beskyttes ved ned spyling, og naturlig tildekking. Kabler **skal være** overtrålbare etter på. Fisker holdes ansvarsløs for eventuelle skader påført kabeler ved tråling.

Geir Erik Strand

Bømlo 28/3-2018

NVE

Innsendt dato: 28.03.2018

Referansenummer: UPGFRU

Innsending av høringsuttalelse

Informasjonsside	
Fortsett med høringsuttalelsen	Ja

Kontaktinformasjon for virksomhet	
Organisasjonsnummer	997039521
Foretaksnavn	SANTOS V/GEIR ERIK STRAND
Adresse	Kalavågssjøen 50
Postnummer	5443
Poststed	BØMLO
Foretakets telefonnummer	Ikke angitt
Foretakets e-postadresse	g.e.stra@online.no
Fornavn	GEIR ERIK
Mellomnavn	Ikke angitt
Etternavn	STRAND
Telefon	482 45043
E-post	g.e.stra@online.no
Organisasjonsnummer	Ikke angitt
Foretaksnavn	Ikke angitt

Saksopplysninger	
NVEs saksnr.:	201101044
Sakstittel	NorthConnect - Likestrømsforbindelse Norge - Storbritannia

Høringsuttalelse	
Høringsuttalelse	Ikke angitt
Høringsuttalelse som vedlegg	Høyring NVE.pdf
Vedlegg av bilder og kart	

Norges vassdrags- og energidirektorat

Postboks 5091

Majorstua, 0301 Oslo

NorthConnect – Høringsuttalelse til konsesjonssøknad

Undertegnet er en huseier i Simadalen, og har følgende kommentar til NorthConnect sin konsesjonssøknad.

Luftledning mellom omformeranlegg og transformatorstasjon

Det er omsøkt luftledning mellom omformeranlegg og transformatorstasjon. En luftledning over veien vil sperre fri utsikt langs dalen, både opp og nedover dalen. Veien i Simadalen er en viktig reisemål for turister, og en luftledning vil kunne redusere opplevelsesverdi for turister. Mens det er en større kraftutbygging nede ved fjorden, fremstår utsikten fra veien og langs dalen som lite berørt, noe som bidrar til å dempe den visuelle virkningen av kraftutbyggingen.

I konsekvensutredningen er luftledningen vurdert til å ha et lite negativt omfang for friluftsliv i området. Denne konklusjonen vurderes å undervurdere omfang av tiltaket. Friutsikt langs dalen er en viktig del av opplevelsesverdi langs veien og Simavassdrag, og et av grunnlagene til reiselivet i området. Omfanget bør settes til middels negativt ettersom det vil føre til en forringet verdi for friluftsliv og reiseliv. Konsekvensen bør heves til liten-middels konsekvens.

I konsekvensutredningen for reiseliv fremgår det at Simadalen ikke er et område turister reiser til for å oppleve natur. Denne påstanden er ikke helt riktig, og legger kun vekt på at turister besøker Sima kraftverk. Realiteten er at den storeslåtte naturen og naturopplevelsen er et viktig grunnlag for reiseliv i Simadalen, bl.a. med tanke på turmuligheter langs Simavassdrag, utsikten mot fjord og fjell, Kjeåsen og Skytjefossen. Denne misforståelsen av reiseliv i Simadalen fører til at konsekvensutredningen undervurderer omfang av tiltaket, og dermed konsekvens.

Det vil derfor være svært uheldig å sperre denne utsikten med en luftledning. Mens nedgraving av forbindelsen vil føre til et inngrep i elva i anleggsfasen, vil dette inngrepet være begrenset og kortvarig. Sett i forhold til en langvarig visuell konsekvens knyttet til en luftledning, ønsker undertegnede at NVE vektlegger den visuelle opplevelsen og stille krav til etablering av en kabelforbindelse mellom omformeranlegg og transformatorstasjon.

Tapt friluftsområde – badekulp/fiskeplass

Anlegget og tilhørende nettilknytning ligger tett inn til et badekulp/fiskeplass. Dette området er svært populært i en friluftsliv/reiseliv sammenheng, både med lokale innbygere og turister. Området er ikke særskilt uttalt eller vurdert i konsekvensutredning for friluftsliv, noe som vurderes som uheldig grunnet nærhet til anlegget, og omfang av inngrepet. I konsekvensutredning for reiseliv, som omtalt over, undervurderes verdien av naturopplevelsen i en reiselivssammenheng.

Etablering av anlegget vil føre til en stor forverring av opplevelsesverdien ved denne plassen, og NVE bør stille krav til at konsekvenser for dette området vurderes særskilt. Videre, bør NVE krever

avbøtende tiltak i form av at arealet gjenskapes et annet sted langs elva. På grunn av nærhet til anlegget, vil mulighet for skjermingstiltak være svært begrenset.

Utforming omformeranlegg og konsekvenser for landskap og opplevelsesverdi

I konsesjonssøknaden er det lagt frem visualiseringer om utforming av det planlagte omformeranlegget. Det fremgår at NorthConnect ønsker å «prioritere en arkitektonisk utforming av bygningsmassen som sikrer at anlegget harmonerer i størst mulig grad med omgivelsene». Samtidig ønsker NorthConnect «å utforme bygget slik at det viser og gjenspeiler både størrelsen og spenstigheten i prosjektet».

I landskapsutredningen kommer det frem at anlegget vil være godt synlig fra fjorden, men den vil innordne seg et allerede utbygd landskapsrom. Det kommer ikke frem i utredningen at kraftutbygging i Simadalen er dominert av gråtoner, noe som harmonerer til dels med landskapet. Den foreslåtte omformerstasjonen med en gul sikksakk linje på vegg og tak vil derimot være et svært tydelig element i landskapsbildet, og vil tvilsomt innordne seg i landskapsrommet. Tross eksisterende kraftutbygging, preges Simadalen av en storslått natur og et spektakulært landskap med stor opplevelsesverdi. Dersom omformeranlegget etableres som foreslått, vil dette kunne ha negative konsekvenser for landskapsbildet sett fra fjord, fjell og dal, noe som vil kunne påvirke opplevelsesverdien for beboerne, friluftsutøvere og turister.

Konsekvensutredningen for friluftsliv og reiseliv ser ikke ut til å ha basert sine vurderinger på en utforming av bygningen som vist i konsesjonssøknaden, trolig fordi visualiseringer og fagvurderinger har foregått parallelt. Konsekvensutredningen for reiseliv konkluderer med et lite negativt omfang basert på en vurdering om at turistene reiser ikke til området for naturopplevelsen, men heller for å besøke kraftverket. Som omtalt tidligere i dette brevet, er denne påstanden ikke helt riktig. Mange turister besøker Simadalen nettopp for natur- og landskapsopplevelsen, bl.a. områder som Kjeåsen og Skytjefossen som konsekvensutredningen for friluftsliv har verdisatt som hhv stor og middels verdi. Konsekvensutredningen og særlig omfangsvurderingen vurderes å være mangelfull, og gi et feil bilde av reiselivsverdien i Simadalen.

Utredningen poengterer avslutningsvis at "god landskapstilpasning av veger, transformatorstasjon og muffestasjoner er viktig i en samlet vurdering". Utredningen har likevel ikke vurdert hvilken konsekvens det vil være ved en bygning som står i sterk kontrast til landskapet. Det er dermed ikke vurdert hvilke effekter utforming av bygningen vil kunne ha på opplevelsesverdi for besøkende, noe som er en viktig moment i en samlet vurdering av konsekvenser for friluftsliv og reiseliv.

Det planlagte omformeranlegget vurderes å stå i sterk kontrast til NorthConnects målsetting om å harmonere med omgivelsene. I konsesjonssøknaden viser NorthConnect frem en visualisering for likeretteanlegget i Skottland hvor det er tydelig lagt ned et godt arbeid i å få til en god landskapstilpasning med bl.a. grønntak. Det er beklagelig at Eidfjord kommune har lagt frem et ønske om at NorthConnect skal gå videre med en arkitektonisk løsning som vil redusere opplevelsesverdi i Simadalen, i stedet for å tilstrebe utforming av bygningen med materialer og farger som demper inntrykket.

NVE bør stille krav til at det utføres en utredning av hvilke konsekvenser den planlagte utformingen vil ha for landskapsbildet, friluftsliv og reiseliv. Når konsekvensene er såpass avhengig av hvordan bygningen utformes, er det svært viktig at konsekvensutredningene baserer seg på planlagt utforming og ikke et overordnet plankart for stasjonstomten. NVE bør stille krav til en bedre landskapstilpasning av bygningen for å redusere de visuelle konsekvensene. Det bør vektlegges reduserte konsekvenser for landskapet, friluftsutøvere, turister og andre berørte fremfor en arkitektonisk utforming og ønsker om en bygning i sterk kontrast til landskapet.

Transport og trafikk

Konsesjonssøknaden viser til at store komponenter, fyllmasse, grus og lignende er antatt transportert til anlegget med båt til et av kaianleggene i Simadalen. Videre, fremgår det av konsesjonssøknaden at NorthConnect vil ta nødvendig miljøhensyn med tanke på lokalmiljø, veitrafikk og turisme. Det vil søke å tilpasse tidspunkter for transport gjennom Eidfjord slik at belastningen blir akseptabel, bl.a. ved å ta hensyn til tidspunkt hvor barn går til og fra skole, samt anløp av cruiseskip.

Fylkesveien fra Eidfjord til Simadalen er meget smal og uoversiktlig. Det er flere steder som vil være utfordrende for tungtransport å møtes. Særlig sommerstid er veien godt trafikkert av turister. Særlig ved cruiseskipanløp er det mange busser og syklistene på denne veien. Slik veisituasjon er i dag, vil anleggsrelatert transport kunne utgjøre et betydelig trafiksikkerhets- og fremkommelighetsproblem. Mens påstandene om transportvei og tiltak trolig er lagt frem i god tro, er realiteten at svært lite vil fraktes sjøveien, og det vil være utfordrende å styre transporten som fremlagt i konsesjonssøknaden.

Utfordring med sjøtransport er at det kreves samtidig leveranse av store mengder materiale for at det skal være lønnsomt. Det kreves en samlet produksjon, og tilstrekkelig lagringsareal på anleggsplassen. Realiteten med slike prosjekter er at transport av betong og bygningsmaterialer vil komme fortløpende og etter behov, noe som egner seg ikke til sjøtransport. Elektrisk utstyr/komponenter vil trolig komme fra utlandet, og vil typisk leveres fortløpende med trailer direkte fra utlandet. Dersom påstand om mye sjøtransport ikke realiseres, vil trafikkbildet på lokale veier være noe helt annet enn det som er vurdert og lagt til grunn i konsesjonssøknaden.

Konsesjonssøknaden legges også opp til styring av transport. Erfaring fra tilsvarende prosjekter er at det er svært utfordrende å styre leveranser, særlig når leveranser kommer fra utlandet, og med flere ledd fra leverandør til transportør. Videre vil det være 87 cruiseskip anløp i Eidfjord i 2018, og opp mot 135.000 cruisegjester. Dersom NorthConnect skal tilpasse seg cruiseskip anløp og turister, vil det utgjøre en betydelig begrensning for effektiv anleggsarbeid.

Med mindre NorthConnect konkret bestiller leveranse ved båt, eller stiller konkrete krav til når leveranser skal ankomme anlegg, kan leverandør/transportør kjøre lovlig på norske veier helt frem til anleggsplassen. Realiteten er at NorthConnect-prosjektet vil utløse en betydelig tungtransport på Fylkesveien fra Eidfjord til Simadalen. Ved et stort antall cruiseskipanløp, i tillegg til øvrige turister, foreligger det en vesentlig faremoment og ulempe som må vurderes på en bedre måte, ikke minst i Eidfjord sentrum når skip er lagt til kai er det et stort antall folk i sentrumsområdet.

I konsesjonssøknaden er dette temaet forsøkt lagt på siden ved en antagelse om en stor andel sjøtransport. NVE bør kreve en grundig og realistisk vurdering av transportsituasjonen sammen med Statens vegvesen og Eidfjord kommune for å sikre at NorthConnect kan gjennomføre anleggsarbeid uten vesentlig fare eller ulempe for alle typer veibrukere. Vurderingen bør redegjøre for avbøtende tiltak basert på en realistisk forutsetning om tungtransport, og kartlegging av utfordrende punkter langs fylkesveien. Videre bør det stilles krav om utarbeidelse og godkjenning av en transportplan gjennom MTA-planen som redegjør for konkrete tiltak for å begrense ulempe og risiko forbundet med transportvirksomhet. Typisk bør det vurderes bruk av kontrollpunkter utenom Eidfjord, skilting og informasjon, veiutbedring og evt. trafikk kontroll mm.

Ansvar for transport er et vanskelig tema ifm kraftutbyggingsprosjekter, og økt transportmengde ligger trolig innenfor det veien er klassifisert for. Likevel, er det svært viktig at NVE vurderer risiko og ulempe knyttet til et kraftutbyggingsprosjekt, og adkomst til anlegget er et av de sentrale temaene.

Oppsummering

Omsøkt tiltak er et viktig ledd i klimasatsing, men det reageres på et par punkter i konsesjonssøknaden og tilhørende konsekvensutredninger hvor det ikke er gjort et tilstrekkelig arbeid for å vurdere og redusere konsekvenser knyttet til prosjektet.

- En luftledning mellom omformeranlegg og transformatorstasjon vil sperre fri utsikt langs dalen sett fra veien. NVE bør kreve at forbindelsen kables.
- Anlegget vil ligge tett på en badekulp/fiskeplass som er populær for lokale innbyggere og turister. Det er lite som kan gjøres for å skjerme dette fra utbyggingen og NVE bør stille krav om etablering av et erstatningsareal lengre opp/ned elva.
- I stedet for å få bygningen til å harmonere med omgivelsene, har NorthConnect foreslått, etter ønske fra Eidfjord kommune, en bygning som står i sterk kontrast til landskapet med konsekvenser for beboerne, friluftsutøvere og turister. NVE bør stille krav om en god landskapstilpasning for å dempe det visuelle inntrykket og at konsekvensen for friluftsliv og reiseliv utredes basert på planlagt utforming.
- NorthConnect har antatt at mesteparten av tungtransport kommer sjøveien. Realiteten vil trolig være at mesteparten kommer på vei, og dermed på tidspunkter som NorthConnect har lite kontroll over. Det er viktig at NorthConnect vurderer en realistisk situasjonen og ikke en ønsket situasjon.

Med vennlig hilsen

Håkon Hansen

From: Grethe & Håkon Hansen <h-odd-ha@online.no>
Sent: 1. april 2018 10:45
To: NVE
Subject: Høringsuttalelse NorthConnect. Saksnr 201101044
Attachments: NorthConnect høringsuttalelse.docx

Hei,

Legger ved høringsuttalelse i forbindelse med konsesjonssøknad for NorthConnect (saksnr 201101044).

Det er fint om dere kan bekrefte at uttalelsen er mottatt.

Mvh
Håkon Oddvar Hansen



DET KONGELIGE
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstuen
0301 OSLO

Deres ref
201101044

Vår ref
18/573-2

Dato
6. april 2018

Høring av søknad om ny strømkabel til Storbritannia

Vi viser til høring om ovennevnte.

Klima- og miljødepartementet vil avvente høringsinstansenes syn og Olje- og energidepartementets videre oppfølging av saken.

Med hilsen

Anne Gislerud (e.f.)
avdelingsdirektør

Kristian Rasmussen
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Att:

Deres ref.
201101044

Vår ref.
18/872-9 646.2/OLLI

Dato:
Oslo, 09.04.2018

Høring - Konesjonssøknad fra selskapet NorthConnect KS om å bygge en ny sjøkabel mellom Norge og Storbritannia

Landsorganisasjonen i Norge (LO) viser til ovennevnte høring fra NVE.

LO mener denne kabelen ikke bør vurderes bygget før erfaringene med den store økningen av utenlandskapasiteten Norge får frem mot 2021 foreligger.

Norge har for få år siden økt kapasiteten til Danmark (2014) med 40 %. I tillegg bygger nå Statnett to kabler hhv. til Tyskland og England.

De nye kablene har en meget stor kapasitet. De har hver for seg en kapasitet tilsvarende 80 prosent av den sammenlagte kapasiteten til de fire kablene som er bygget til Danmark. Sammenlagt vil det si at Norge i løpet av få år mer enn doubler utenlandskapasiteten.

Norge har tradisjoner innen energisektoren for å gå skrittvis og kunnskapsbasert frem. LO mener det er meget viktig for industriutviklingen i Norge at erfaringene fra de faktiske konsekvensene av kapasitet og drift ved en så stor økning av utenlandskapasitet trekkes før nye prosjekter vurderes eller gis konsesjon.

LO registrerer at selskapet NorthConnect understreker at selskaps-konstruksjonen er eid av offentlig eide kraftselskaper i Norge og det statlig eide svenske kraftselskapet. Regjeringen åpnet for privat eierskap av utenlandskabler og denne konstruksjonen må i denne sammenhengen defineres som det.

LO har vært tydelige på at sentralnettet i Norge, inkludert utenlandskablene, må eies og drives av Statnett som sentralnettsoperatør. Selskaper som forvalter eierskapet til viktig infrastruktur må være 100 % statlig eid.

LO mener kravet om det funksjonelle og selskapsmessig skillet mellom produksjon av kraft og fremføring av kraft må tilsi at kraftprodusentene som eier NorthConnect ikke skal kunne søke om konsesjon til å bygge en utenlandskabel.

LO kan heller ikke se at eierne av disse selskapene Oslo Kommune, Agderkommunene, Rogalandskommunene og Statkraft er tjent med å utfordre den posisjonen Statnett har som sentralnettsoperatør og presse på for en uforsvarlig vekst i eksportkapasiteten for kraft.

LO mener denne søknaden ikke må innvilges. LO registrerer at behandlingen av konsesjon for bygging av utenlandskabler skal behandles av kongen i Statsråd og at avgjørelsen ikke kan ankes.

LO mener Regjeringen må legge behovet for skrittvis og kunnskapsbasert utvikling av utenlandskapasiteten til grunn og avslå søknaden.

LO legger til grunn at kostnadene selskapet har til utredninger er selskapenes egen risiko og at det ikke er slik at samfunnet skal ta kostnadene ved et avslag.

LO registrerer at Stortinget på nytt endrer energiloven og slår fast at Statnett skal eie, drifte og bygge utenlandskabler. LO forutsetter at det ikke medfører at samfunnet og nettkundene skal ta regningen for dette prosjektet ved at Statnett kjøper det. NorthConnect har selv foretatt en vurdering av om prosjektet skal utredes og må hefte for egne vedtak.

Det vises til at kabler til Storbritannia sannsynligvis vil medføre større inntekter til operatøren og indirekte til kraftprodusentene. Gitt et prisnivå på kraft i Storbritannia på omkring det doble av det norske vil en stor kapasitet til Storbritannia bidra til økt kraftpris i Norge.

LO vil til slutt fremheve at, i motsetning til mange EU land, ligger Norge godt over de målsetningene EU har satt for kapasitet mellom land.

Med vennlig hilsen
LANDSORGANISASJONEN I NORGE

Terje O. Olsson
(sign.)

Kenneth Sandmo
(sign.)

Saksbehandler: Olav H. Lie

Dette brevet er godkjent elektronisk i Landsorganisasjonen i Norge og har derfor ingen signatur.

From: May Iren Julsrud <May.Iren.Julsrud@lo.no>
Sent: 9. april 2018 14:46
To: NVE
Subject: 18/872-9 Høring - Konesjonssøknad fra selskapet NorthConnect KS om å bygge en ny sjøkabel mellom Norge og Storbritannia
Attachments: Høring - Konesjonssøknad fra selskapet NorthConnect KS om å bygge en ny sjøkabel mellom Norge og Storbritannia.docx.pdf

Se vedlagte dokumenter.

ArkivReferanse:#0ccc4c75d904466db9d17128056cc35d2018000872#ACOS.WEBSAK#

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Vår dato: 12.04.2018
Vår ref: 2018/827 - 8813/2018 / T10
Dykkar ref: 201101044-57

Høyring - NorthConnect

Det blir vist til dykkar brev, dagsett 07.02.2018, om høyring av ny straumkabel til Storbritannia. Stord formannskap vedtok 11.04.2018 følgjande uttale:

Leverandørindustrien er svært viktig for verdiskaping og sysselsetting, både lokalt og nasjonalt. Gjennom omstillingsprosessar har industrien dei siste åra styrka konkurransekrafta, og vunne store oppdrag i sterk, internasjonal konkurranse. Det er difor viktig at sjøkabelen NorthConnect ikkje førar til operasjonelle hindringar eller tid- eller kostnadskrevjande restriksjonar for leverandørindustrien.

Stord kommune er uroa over at konsekvensutgreiinga for straumkabelen NorthConnect ikkje drøftar konsekvensar for leverandørindustrien, og meiner konsekvensutgreiinga må oppdaterast med konsekvensar for vefst- og baseverksemdar sine maritime operasjonar.

Dersom konklusjonen i ei oppdatert konsekvensutgreiing er negative konsekvensar for leverandørindustrien, vil Stord kommune gå imot at Olje- og energidepartementet gjev konsesjon til tiltaket.

Stord kommune har elles ikkje merknadar til konsekvensutgreiinga eller tiltaket.

Med helsing

Andreas Moe Larsen
kommuneplanleggjar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Vedlegg

1 Særutskrift Høyring - NorthConnect - straumtilknytning til Storbritannia

Kopi til:

KVÆRNER AS

Postboks 74

LYSAKER

Saksnr
15/18

Utval
Formannskapet

Møtedato
11.04.2018

HØYRING - NORTHCONNECT - STRAUMTILKNYTING TIL STORBRITANNIA

Framlegg til vedtak:

Stord kommune gjev følgjande høyringsuttale:

Leverandørindustrien er svært viktig for verdiskaping og sysselsetting, både lokalt og nasjonalt. Gjennom omstillingsprosessar har industrien dei siste åra styrka konkurransekrafta, og vunne store oppdrag i sterk, internasjonal konkurranse. Det er difor viktig at sjøkabelen NortConnect ikkje førar til operasjonelle hindringar eller tid- eller kostnadskrevjande restriksjonar for leverandørindustrien.

Stord kommune er uroa over at konsekvensutgreiinga for straumkabelen NorthConnect ikkje drøftar konsekvensar for leverandørindustrien, og meiner konsekvensutgreiinga må oppdaterast med konsekvensar for vefts- og baseverksemdar sine maritime operasjonar.

Dersom konklusjonen i ei oppdatert konsekvensutgreiing er negative konsekvensar for leverandørindustrien, vil Stord kommune gå imot at Olje- og energidepartementet gjev konsesjon til tiltaket.

Stord kommune har elles ikkje merknadar til konsekvensutgreiinga eller tiltaket.

Saksprotokoll i Formannskapet - 11.04.2018

Vedtak

Stord kommune gjev følgjande høyringsuttale:

Leverandørindustrien er svært viktig for verdiskaping og sysselsetting, både lokalt og nasjonalt. Gjennom omstillingsprosessar har industrien dei siste åra styrka konkurransekrafta, og vunne store oppdrag i sterk, internasjonal konkurranse. Det er difor viktig at sjøkabelen NortConnect ikkje førar til operasjonelle hindringar eller tid- eller kostnadskrevjande restriksjonar for leverandørindustrien.

Stord kommune er uroa over at konsekvensutgreiinga for straumkabelen NorthConnect ikkje drøftar konsekvensar for leverandørindustrien, og meiner konsekvensutgreiinga må oppdaterast med konsekvensar for vefts- og baseverksemdar sine maritime operasjonar.

Dersom konklusjonen i ei oppdatert konsekvensutgreiing er negative konsekvensar for leverandørindustrien, vil Stord kommune gå imot at Olje- og energidepartementet gjev konsesjon til tiltaket.

Stord kommune har elles ikkje merknadar til konsekvensutgreiinga eller tiltaket.

Handsaming

Samrøystes vedteke

Rådmannen, 09.03.2018

Dokumentliste

I	07.02.2018	NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)	Høyring av søknad om ny straumkabel til Storbritannia og invitasjon til møte
I	01.03.2018	KVÆRNER AS	Høyring - NorthConnect - straumtilknyting Noreg-Storbritannia
U	27.02.2018	KVÆRNER AS V Odd Naustdal	Høyring - NorthConnect - straumtilknyting Noreg-Storbritannia
S	09.03.2018		Høyring - NorthConnect - straumtilknyting til Storbritannia

Vedlegg

Innleiing (bakgrunn for saka)

Kommandittselskapet NortConnect KS har søkt om løyve til å byggje ein ny straumkabel i sjø mellom Sima i Eidefjord kommune og Peterhead i Skottland. Straumkabelen blir kalla «NorthConnect» og er planlagt med ein overføringskapasitet på 1 400 MW. Olje- og energidepartementet er konsesjonsmyndigheit, men har bede Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) om å handsame og vurderer planane. NortConnect KS søker om konsesjon etter energilova og havenergilova.

Traseen går gjennom sjøområde i Stord kommune.

NVE ønskjer høyringsinstansane sine innspel på mellom anna følgjande:

- Kva meiner høyringsinstansane om tiltaket?
- Er konsekvensane godt nok greidd ut?
- Forslag til justeringar i planane for å redusere moglege negative verknadar av tiltaket
- Forslag til vilkår for drift av kabalen



Søknadsfristen er 15. april 2018. Søknad med konsekvensutgreiing er tilgjengeleg på NVE sin nettstad: www.nve.no/kraftledninger.



Kart over kabeltrasé. Kjelde: NVE

Saksutgreiing (fakta, saksopplysningar)

Traseen går ut Harangerfjorden sør for Huglo, kryssar Langenuen og går langs Stordøy, før den går ut Bømlafjorden sør for Otterøya i Bømlo kommune. Det er lagt ein tryggingsskorridor på 250 meter på kvar side av kabelen. NVE forventar at kommunane kartfestar ei omsynssone eller bandleggingssone over traseen.



Kart over kabeltrasé i Stord kommune. Kjelde: NorthConnect KS

NorthConnect KS skildrar korleis sjøkabelen vil bli lagt på sjøbotnen:

«Sjøkabelen skal grøftes der bunnforholdene tillater det. Dersom kabelen legges på fjell eller i områder hvor nedgravning ikke er mulig skal den tildekkes forsvarlig. Ved legging av sjøkabel vil anleggsfasen gi forstyrrelser for skipsfart og båtliv. Etter nedgravning eller tildekking av sjøkabelen vil denne ikke ha noen påvirkning på skipsfart, fiske eller friluftslivet på sjøen. I driftsfasen vil det ikke være andre begrensninger enn forbud mot oppankring og bygging eller graving over kabeltraseen. Kabelen vil bli merket ved ilandføringspunktet, og den vil bli avmerket på sjøkart.»

Den ferdige sjøkabelen vil i utgangspunktet berre ha påverknad på sjøbotnen, medan utlegginga av kabelen vil påverka maritim ferdsle. Ein vil ikkje ha høve til å leggja anker i nærleiken av kabelen, men det kan vera mogleg å strekkja ankerline som kryssar kabelen. Dette må i så fall gjerast i samråd med operatøren.

Leverandørindustrien

Ankringsforbodet vil avgrensa høvet til ankring av skip og andre maritime konstruksjonar. Stord kommune har difor drøfta saka med Leirvik AS, Stordbase AS og Kværner AS. Dei to fyrstnemnde verksemdene meiner kabelen ikkje vil påverka deira drift. Kværner er kritisk til konsekvensutgreiinga, og finn ikkje at sine interesser er vurdert i søknaden.

Det er avsett hamne- og ankringsområde mellom Kjøtteintåa og Eldøyane, utanfor Skjærsholmane og i Digernessundet mot Otterøya i Bømlo kommune. Leverandørindustrien nyttar desse områda og andre sjøområde i Sunnhordlandsbassenget til samanstilling av prosjekta, og treng difor romsleg høve til undervassoperasjonar og å setje ned anker.

Industriaktørane er ikkje høyringspartar, men NorthConnect KS stadfesta i informasjonsmøte 05.03.2018 at traseen var drøfta med aktørane bak Highwind-prosjektet.

Kværner meiner at konsekvensane av ein sjøkabel for leverandørindustrien ikkje er dekkja av konsekvensutgreiinga, og ber om at den blir oppdatert med konsekvensar for verft- og baseverksemdar og eventuelle andre delar av den offshoreretta leverandørindustrien. Verksemda visar til at tilgang til fjordar og dei nærliggjande sjøområda er avgjerande for evna til å gjennomføra store og kompliserte prosjekt. Verftet har mellom anna nytta Halsnøyfjorden/Klosterfjorden, Kjøtteinståa og Eldøy, områda rundt Hille og Digernessundet i samanstilling av offshoreprosjekt. Når oljeindustrien flyttar nordover, ventar Kværner at det vil bli ein aukande del flytande offshoreinstallasjonar, og at tilgang til djupe fjordar, djupvasskaiar og nærliggjande sjøareal difor vil bli viktigare framover.

Kværner er uroa over om kabelen vil føra til restriksjonar som er kostnadskrevjande, som legg avgrensingar på høvet til å gjennomføra operasjonar eller som førar til reguleringar og restriksjonar som kompliserer prosjektgjennomføringa.

Kværner sender eige høyringssvar i saka.

Fiske og akvakultur

For fiske med andre reiskap enn botntrål vil det ikkje vera konfliktpunkter med kabelen. Det er registrert fiskeplassar med aktive reiskap i Tittelsnes/Klosterfjorden, som i hovudsak skal vera nytta av rekefiskarar. Kabeltraseen går gjennom dette området. Vidare finn ein fiskeplassar for passive og aktive reiskap i området Eldøyane-Leirvik og rundt Huglo. Registreringane av fiskeplassar er av eldre dato, og det er usikkert om dei viser dagens bruk av områda. Det er likevel klart at det er mykje fritidsfiske i sjøområda i Stord kommune.

Det er ingen aktive akvakulturanlegg langs kabeltraseen i Stord kommune. Gjeldande kommuneplanen rommar eit område avsett til akvakultur nord for Tveiteøyane ved Huglo, tidlegare nytta til kamskjeloppdrett. Traseen går gjennom marint område med framlegg til vern i ytre Hardangerfjorden. Dersom verneframlegget blir vedteke, vil ny akvakulturverksemd i dette området vera lite aktuelt uavhengig av straumkabel. Traseen utanfor verneområdet vil påverka høvet til å etablera nye akvakulturområde i framtida.

Traseen går i Stord kommune ikkje gjennom område avsett til akvakultur i regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger.

Andre omsyn

I Bømlafjorden og ytre Hardangerfjorden er sjøkabeltraseen planlagt i god avstand til registrerte skipsvrak.

Langs austsida av Huglo, ved Hystadmarkjo og Sponavikjo er det regionale friluftsområde. Konsekvensutgreiinga vurderer at desse ikkje vil bli påverka av tiltaket i driftsfasen. Store fartøy vil gje frå seg støy i anleggsfasen.

Traseen går gjennom marint område med framlegg til vern i ytre Hardangerfjorden. Dette er teke omsyn til i traseen, og er vurdert i konsekvensutgreiinga.

Konsekvensutgreiinga skildrar at anleggsfasen kan føra med seg mindre forseinkingar i ferjesambanda, noko som lokalt vil gjelda sambanda mellom Skjærsholmane og høvesvis Ranavik og Fjelberg/Sydnnes.

Korkje Stord kommunalteknikk, Stord hamnevesen, Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor eller kulturtenester har merknadar til straumkabelen.

Vurdering

Rådmannen har i denne saka vurdert kabeltraseen sin påverknad på omgjevnadane i Stord kommune, og ikkje teke stilling til samfunnsmessige konsekvensar av straumkabelen og kraftutveksling med Storbritannia.

Rådmannen meiner at konsekvensane av sjøkabelen vil vera små for dei vurderte omsyna i saka, med unntak av moglege konsekvensar for leverandørindustrien.

Sjøkabelen vil ikkje føra til restriksjonar på fritidsfisket, berre fiske med botntrål vil bli påverka.

Kabelen vil påverka høvet til å setje av nye område til akvakultur i framtida. I sjøområda ved Huglo vil det truleg bli oppretta eit område for marint vern, som vil gjera at ny oppdrettsverksemd ikkje er aktuelt.

Leverandørindustrien har svært store ringverknader i Stord kommune, og treng tilgang til djupe fjordområder i nærleiken av verfta. Rådmannen meiner konsekvensutgreiinga manglar ei vurdering av kva konsekvensar straumkabelen førar til av operasjonelle hindringar eller tid- eller kostnadskrevjande restriksjonar for leverandørindustrien. Den føreliggjande konsekvensutgreiinga kan difor ikkje gje grunnlag for vedtak om konsesjon, og må bli oppdatert.

Rådmannen sitt syn er at ved interessekonflikt mellom omsyna til leverandørindustrien og straumkabelen, bør Stord kommune gå imot at det blir gjeve konsesjon.

Økonomiske konsekvensar

Tiltaket vil ikkje ha direkte økonomiske konsekvensar for Stord kommune. Sjøkablar gjev etter dagens regelverk ikkje eigedomsskatt eller andre inntekter til kommunane. Dersom kabelen påverkar konkurransekrafta til leverandørindustrien, vil kabelen ha negativ påverknad på økonomi og sysselsetting i lokalsamfunnet.

Miljømessig konsekvens

Konsekvensar for miljøet er skildra i konsekvensutgreiinga, og er vurdert til å vera små.

Folkehelse

Tiltaket vil i driftsfasen ikkje påverka folkehelsa.

Universell utforming

Ikkje vurdert

Beredskap

Tiltaket vil i driftsfasen ikkje påverka beredskapen i Stord kommune. Anleggsfasen gjev større sannsyn for skipskollisjonar, ikkje minst i den sterkt trafikkerte hovudleia i Bømlafjorden og Langenuen. Sannsynet for skipskollisjonar er likevel lavt.

Konklusjon, alternativ tilråding

Stord kommune gjev følgjande høringsuttale:

Leverandørindustrien er svært viktig for verdiskaping og sysselsetting, både lokalt og nasjonalt. Gjennom omstillingsprosessar har industrien dei siste åra styrka konkurransekrafta, og vunne store oppdrag i sterk, internasjonal konkurranse. Det er difor viktig at sjøkabelen NortConnect ikkje førar til operasjonelle hindringar eller tid- eller kostnadskrevjande restriksjonar for leverandørindustrien.

Stord kommune er uroa over at konsekvensutgreiinga for straumkabelen NorthConnect ikkje drøftar konsekvensar for leverandørindustrien, og meiner konsekvensutgreiinga må oppdaterast med konsekvensar for vefts- og baseverksemdar sine maritime operasjonar.

Dersom konklusjonen i ei oppdatert konsekvensutgreiing er negative konsekvensar for leverandørindustrien, vil Stord kommune gå imot at Olje- og energidepartementet gjev konsesjon til tiltaket.

Stord kommune har elles ikkje merknadar til konsekvensutgreiinga eller tiltaket.

Plan for gjennomføring

Ikkje aktuelt



NVE

Vår dato
10.04.2018

Vår referanse
2011/00092-10

Vår saksbehandler
Sonja Elin Kleven Jakobsen/94080674

Deres referanse

Høringssvar fra Norges Fiskarlag om NorthConnect KS sin søknad om ny likestrømsforbindelse mellom Norge og Storbritannia

1. Innledning

- Forbindelsen har begrensede konsekvenser for kraftprisen i Norge (beregnet til 0,7 til 1,7 øre/kWh). Det er videre antatt at den største prisvirkningen av forbindelsen vil være i situasjoner med svært lave kraftpriser i Norge.

Enkelte aktører har i debatten om mellomlandsforbindelser, der NorthConnect er det mest aktuelle prosjektet, forsøkt å svekke bruken av samfunnsøkonomiske lønnsomhetsanalyser ved å be om at enkelte forbruksgrupper, som industrien, skal tillegges en annen vekt enn andre interessenter. Vi vil be om at det benyttes de samme metoder og prinsipper for vurdering av samfunnsøkonomisk lønnsomhet i konsesjonsbehandlingen av NorthConnect som for tidligere konsesjonsbehandling av mellomlandsforbindelser.

Vi vil samtidig påpeke at med dagens eierskap i norsk kraftsektor, inkludert de norske eierne av NorthConnect som er Lyse Produksjon, Agder Energi og E-CO Energi, vil en helt overveiende del av verdiskapingen komme det norske samfunn til gode. Nåverdien av dette prosjektet alene utgjør i størrelsesorden det samme som hele norsk vannkraftsektor bidro med i skatter og konsesjonspålagte avgifter i 2016. Vi vil også peke på at det beregnede samfunnsøkonomiske overskuddet av prosjektet er høyere enn det beregnede samfunnsøkonomiske overskuddet som lå til grunn for beslutningen (fra 2013) om mellomlandsforbindelsene til hhv Tyskland og Storbritannia.

2. NorthConnect kan gi positive bidrag til det norske transmisjonsnett, gjennom lavere investeringer og bedre systemdrift

Energi Norge vil vise til at prosjektet NorthConnect har foreslått et tilknytningspunkt til det norske sentralnettet som er svært gunstig med hensyn til systemdrift og produksjonsressurser, og som kan gi netto besparelser når det gjelder behovet for innenlandske nettinvesteringer. Tilknytningspunktet ligger i et område med stort produksjonsoverskudd – forholdet 2:1 mellom produksjon og forbruk.

Det er sentralt å bygge på erfaringer fra eksisterende mellomlandsforbindelser før igangsettelse av en ny mellomlandsforbindelse. Det er også viktig å legge til rette for god og sikker systemdrift. Dette har også vært viktig ved tidligere etablering av nye forbindelser. Dette er likevel ikke hensyn som etter vår vurdering er nødvendig eller naturlig at inngår som betingelser i konsesjonsbehandlingen. Dette følger også av tidligere praksis. Det ble gitt konsesjon til nye forbindelser både til Tyskland og Storbritannia (NordLink og NSL) før Skagerak 4 ble satt i drift, altså før driftserfaringer forelå, og de to nye forbindelsene fikk konsesjon samtidig.

Vi kan heller ikke se at særlige utfordringer i systemdriften kan være avgjørende argumenter for å utsette konsesjonsbehandlingen. Vi vil også peke på at det foregår en omfattende utvikling av nye verktøy i systemdriften som økt bruk av mer avanserte og automatiske balanseringsløsninger og finere tidsoppløsning i markedet. Disse er planlagt implementert før idriftsettelse av NorthConnect. De positive virkningene prosjektet har for mindre behov for investeringer og bedre systemdrift taler for å igangsette prosjektet så snart som mulig. Gjennom FoS har systemansvarlig svært vide fullmakter for å sikre frekvenskvalitet og forsyningssikkerhet til enhver tid, og kan f.eks. gripe inn i disponering av kapasiteten på NorthConnect dersom en ekstraordinær situasjon skulle oppstå. Vi kan også nevne at et land som Danmark nå planlegger ytterligere forsterkninger på inntil 2100 MW (Cobra og Viking Link) i tillegg til forbindelsene mot Norge, Tyskland og Sverige som allerede utgjør mer enn 100% av typisk innenlandsk forbruk i vintermånedene. Dette er en langt høyere andel enn utlandsforbindelser, inklusive NorthConnect, vil utgjøre for Norge. Norge har i tillegg tilgang til rask regulerbar produksjon i et omfang som få hvis noen andre europeiske land kan vise maken til.

3. Manglende gjennomføring eller en utsettelse kan flytte norsk verdiskaping til andre land

For det norske og nordiske kraftsystemet er det attraktivt å knytte seg opp til ulike markeder, og det styrker også hele det europeiske kraftsystemet. Det er i denne sammenheng attraktivt at NorthConnect innebærer en egen tilknytning til Skottland, med en økende andel vindkraft og strukturelle kapasitetsbegrensninger mot England. I tillegg bidrar økte forbindelser til å legge til rette for reduserte utslipp fra britisk kraftsektor, som alene slipper ut rundt 25 % av britiske klimagassutslipp.

Vi vil også peke på at i det åpne og integrerte nordiske elektrisitetsmarkedet vi i dag har, ikke er norske myndigheter som alene avgjør graden av utvekslingskapasitet ut og inn av Norden. Dersom andre land velger å utvikle økt kapasitet, ikke minst med utgangspunkt i norsk og fleksibel vannkraft, tilfaller en større del av denne verdiskapingen et eller flere av våre naboland. Dersom NorthConnect ikke får konsesjon eller denne blir unødig forsinket, vil svært attraktiv norsk verdiskaping gå tapt, mens de mulige konsekvensene for kraftmarkedet vil bli de samme. For eksempel vil realisering av den planlagte


forbindelsen Viking Link mellom Danmark og Storbritannia få om lag samme prisvirkning for Norge som NorthConnect, men verdiskapingen, som vil være mye drevet av norsk regulerbar vannkraft, vil tilfalle Danmark.

Energi Norge vil også peke på at Storbritannia gjennom sin nasjonale klimalov har forpliktet seg til omfattende klimagassreduksjoner i løpet av kort tid. Det er bred politisk enighet i landet om å opprettholde virkemiddelbruken uavhengig av Brexit. Vi viser til at britiske myndigheter også anser NorthConnect som et svært viktig bidrag i arbeidet med å nå britiske klimamål til en akseptabel kostnad. En så attraktiv verdiskapingsmulighet for Norge, i en tid der det europeiske kraftsystemet er i stor utvikling, taler for å realisere prosjektet og unngå enhver unødig forsinkelse. Vi mener derfor det er viktig med grundig og normal rask fremdrift og likebehandling etter energiloven.

Energi Norge er opptatt av at den kraftkrevende industrien i Norge, som står for ca. 20% av norsk kraftforbruk, har gode rammebetingelser og kan utvikles videre i Norge. I lys av debatten omkring mellomlandsforbindelser og mulige konsekvenser for industrien, vil vi påpeke at en internasjonal sammenligning så sent som i 2016 fastslo at norsk kraftindustri har de mest attraktive rammebetingelser for energi i Europa og helt i tet også globalt. Den positive utviklingen illustreres ved at bruken av elektrisk kraft i metallindustrien ifølge SSB har økt hvert år siden finanskrisen, og ved flere nylig inngåtte langsiktige industrikontrakter, noen så langt som 18 år frem i tid. Vi viser også til den betydelige utbyggingen av ny fornybar energi i det nordiske markedet som ledd i oppnåelsen av fornybarmål. Vår vurdering er at optimismen og fremtidsperspektivene for kraftkrevende industri i Norge er svært gode, og at en gjennomføring av det omsøkte prosjektet ikke på noe vis truer dette bildet. Dette er både fordi utslagene i markedet over tid er begrensede, og fordi tilsvarende forbindelse til Storbritannia fra et naboland som Danmark vil ha om lag tilsvarende påvirkning på gjennomsnittlig kraftpris i Norge som NorthConnect.

Vennlig hilsen,

Energi Norge



Oluf Ulseth
Administrerende direktør

Kopi: OED, NHO



Noregs vassdrags- og energidirektorat
Middelthuns gate 29
0368 OSLO

Dato: 20.04.2018
Vår ref.: 2018/7575-10
Saksbehandlar: jannor
Dykkar ref.:

Søknad om ny straumkabel til Storbritannia. Melding om vedtak.

Vi syner til brev frå NVE dagsett 07.02.18 der Hordaland fylkeskommune vert beden om å gje fråsegn til NorthConnect sin søknad om konsesjon til ny straumkabel til Storbritannia.

Fylkesutvalet handsama i møte 11.04.18 sak 87/18 og gjorde vedtak som går fram av saksdokumenta under.

Sjølve vedtaket er send 17.04.18 i eigen e-post då protokollen frå møtet ikkje var klar. Her kjem heile protokollen inkl, saksutgreiinga,

Sølve Dag Sondbø
klima- og naturressurssjef

Jan Nordø
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Kristian Marcussen
Fylkesmannen i Hordaland
Tore Slinning
Endre Korsøen
Tale Halsør

Arkivnr: 2018/7575-3

Saksbehandlar: Jan Nordø, Tale Halsør, Tore Slinning og Endre Korsøen

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling	31/18	20.03.2018
Fylkesutvalet	87/18	11.04.2018

Søknad om ny straumkabel til Storbritannia. Høyringsfråsegn**Samandrag**

Selskapet NorthConnect KS har søkt om løyve til å byggja ein ny straumkabel mellom Sima i Eidfjord kommune og Peterhead i Skottland. Det er søkt om løyve for å byggja og driva anlegga, og om løyve for å utveksla kraft med andre land.

Straumkabelen vert kalla «North Connect» og er planlagd med ein overføringskapasitet på 1400 MW. Olje- og energidepartementet er konsesjonsmynde, men har bede NVE handsama og vurdera planane. Søknadane er no på høyring, og NVE ynskjer innspel frå Hordaland fylkeskommune.

Med bakgrunn i relevante mål og strategiar i regional planstrategi og Klimaplan for Hordaland, administrativ høyringsfråsegn til endringar i energilova, brev frå fylkesordføraren til Stortinget om energimeldinga og innspel frå Kraftfylka, er Hordaland fylkeskommune positiv til NorthConnect sin søknad om ny straumkabel til Storbritannia.

Slik fylkeskommunen vurderer det, vil kabelen leggja til rette for at fornybar kraft kan erstatta fossil kraft i Storbritannia, utvida marknaden og skapa betre balanse i kraftforsyninga. Opning for private aktørar som NorthConnect vil kunna føra til fleire prosjekt og eit nett med større kapasitet.

Fylket har stor kompetanse på relevant teknologi for utbygging av samband til utlandet. Slike prosjekt er omfattande og vil kunna skaffa arbeidsplassar i ei tid då arbeidsløysa har vore stigande i mange kommunar. Eidfjord kommune er positiv til prosjektet og syner til at det vil kunna gje lokale skatteinntekter. Hordaland fylkeskommune har ønskt velkomen næringsprosjekt i fylket.

Hordaland fylkeskommune vil likevel understreka at konsekvensane på fleire område ikkje er godt nok utgreidde og at ein må hausta erfaringar frå alle nye kablar mellom Norden og land utanfor før prosjektet vert tildelt konsesjon.

Hordaland fylkeskommune saknar dessutan ei grundig drøfting av konsekvensar for norske straumkundar inkl. den kraftkrevjande industrien og kven som skal dekkja kostnadene med utbygginga. Fylkeskommunen vil difor be om tilleggsutgreiing på desse områda.

I høve til biologisk mangfald saknar Hordaland fylkeskommune drøfting av meir effektkøyring og dei konsekvensane slik køyring kan få for vassdraga når store mengder kraft skal ut i den britiske marknaden. Også i høve dette temaet bed fylkeskommunen om tilleggsutgreiing.

Dei mangelfulle utgreiingane og dei usikre konsekvensane gjer dessutan at Hordaland fylkeskommune fremjar vilkår for drift av kabelen, sjå kap. 4.4.

Når det gjeld fagrapportane, meiner Hordaland fylkeskommune konsekvensane jamt over er godt nok utgreidde. Dei justeringane det er gjort framlegg om, vil redusera dei negative konsekvensane, sjå kap. 4.3.

Ettersom dette er ei kraftsak meiner Hordaland fylkeskommune det er viktig at resultatane etter den arkeologiske registreringa ligg føre når konsesjonsavgjerda skal fattast. Fylkeskonservatoren gjer merksam på at planane må reviderast, eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde, dersom det viser seg at tiltak kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne.

Økonomi: Ingen direkte effekt for Hordaland fylkeskommune, som ikkje har eigarinteresser i NorthConnect.

Klima: Usikker effekt av di straumprisane er ein nøkkelfaktor. Meir bruk av fornybar energi i Storbritannia er sannsynleg. Høgare straumprisar for den kraftkrevjande industrien i Noreg kan føra til flytting av klimavenleg produksjon til fossilbasert produksjon i lågkostland og auka globale klimagassutslepp.

Folkehelse: Sjøkabling førar til låg stråling, men 420 kV luftleidning frå omformarstasjonen til transformatorstasjon i Sima vil koma i konflikt med regional friluftsområde lagt til rette for handikappa. Som avbøtande tiltak rår fylkesrådmannen til kabling eller erstatningsområde andre stader langs Simaelva.

Regional planstrateg: Hordaland skal vera berekraftig, attraktivt og nyskapande. Hordaland skal ha høg sysselsetting og ei klima- og miljøvenleg utvikling. Strategisk skal fylket auka nyetablering og framtidsette verdiskaping i næringslivet og styrka gjennomslagskraft i Europa.

Forslag til innstilling

1. Med bakgrunn i relevante mål og strategiar i regional planstrategi og Klimaplan for Hordaland, administrativ høyringsfråsegn til endringar i energilova, brev frå fylkesordføraren til Stortinget om energimeldinga og innspel frå Kraftfylka, er Hordaland fylkeskommune positiv til NorthConnect sin søknad om ny straumkabel til Storbritannia.

Slik Hordaland fylkeskommune vurderer det, vil kabelen leggja til rette for at fornybar kraft kan erstatta fossil kraft i Storbritannia, utvida marknaden og skapa betre balanse i kraftforsyninga. Opning for private aktørar som NorthConnect vil kunna føra til fleire prosjekt og eit nett med større kapasitet.

Fylket har stor kompetanse på relevant teknologi for utbygging av samband til utlandet. Slike prosjekt er omfattande og vil kunna skaffa arbeidsplassar i ei tid då arbeidsløysa har vore stigande i mange kommunar.

2. Det må haustast erfaringar frå alle nye kablar mellom Norden og land utanfor før straumkabelen vert tildelt konsesjon.
3. Hordaland fylkeskommune bed om tilleggsutgreiingar som
 - a. Vurderer konsekvensar av tiltaket for norske straumkundar inkl. den kraftkrevjande industrien og kven som skal dekkja kostnadene med utbygginga.
 - b. Vurderer konsekvensar tiltaket vil få for naturmangfaldet i norske vassdrag under effektkøyring.
4. Hordaland fylkeskommune rår til følgjande vilkår for drift av kabelen til Storbritannia:
 - a. Kabelen må ikkje belasta norske nettkundar med kostnader.
 - b. Inntekter frå drift av kabelen må bidra til styrking av det norske sentralnettet.
 - c. Departementet må vurderer dei konkurransemessige konsekvensane av å gje konsesjon til NorthConnect.

- d. Det må stillast strenge krav til effektkøyning inn mot kabelen slik at naturmangfaldet i vassdraga ikkje vert skadelidande.
 - e. Kommersielle samband til utlandet utfordrar leveringstryggleiken der dei vert etablerte. Det er avgjerande for fylkeskommunen at forsyningstryggleiken i regionen blir prioritert framfor kommersielle behov.
 - f. Det må leggjast fiber i lag med kabelen, som del av infrastrukturutviklinga og for å auke potensialet for lokal verdiskaping.
 - g. Verdiskaping i involverte kommunar må ha prioritet i prosjektet.
5. For å redusera moglege negative verknader av tiltaket rår Hordaland fylkeskommune til følgjande justeringar av planane:
- a. Omformarstasjonen skal tilpassast omgjevnadene i Simadalen.
 - b. Grunnvassbrunnar som blir forstyrra av tiltaket, må flyttast.
 - c. For å avgrensa støyen nord, vest og aust for omformaranlegget bør det vurderast å flytta transformatorane til sørsida.
 - d. Anleggsarbeid i indre del av Hardangerfjorden/Simadalsfjorden bør unngåast under brislingfisket.
 - e. Ved konflikt med sårbare marine naturtypar som t.d. korallrev, må kabeltraséen justerast.
 - f. Anleggsarbeidet bør gjennomførast etter at hekkesesongen er over. Av omsyn til hekkeplass for vandrefalk bør legging av kabel på slike lokalitetar ikkje gjennomførast i perioden frå mars til mai.
 - g. Av omsyn til landskap og friluftsområde for handikappa i nedre del av Simaelva, bør jordkabel mellom omformarstasjonen og koplingsanlegget vurderast. Føresetnaden er at tiltaket ikkje har negative konsekvensar for andadrom fisk i elva. Alternativt er Hordaland fylkeskommune positiv til å opparbeida erstatningsområde andre stader langs elva.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 20.03.2018

Det var 12 representantar til stades.

Kjell Håland (A) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Norsk fornybar kraftproduksjon skal medverka til trygg straumforsyning, auka verdiskaping og sysselsetting i Norge og til å erstatte fossil energi med fornybar energi.

Avgjerder om nye utanlandskablar skal framleis vera ei suveren avgjerd fatta av norske myndigheiter og fylkesutvalet meiner at Statnett skal eiga og drifta alle framtidige mellomlandsforbindelsar og at dette skal takast inn i energilova.

Hordaland har stor verdiskaping med mange arbeidsplassar innan fornybar energiproduksjon og innan kraftforedlende industri. Fylkestinget er difor opptekne av at det må det stillast strenge krav til framtidig nasjonal styring og kontroll av produksjon og distribusjon av denne energien.

Ein sjøkabel frå Eidfjord til Storbritannia kan isolert sett vera positiv for vasskraftprodusentar i regionen men det er stor usikkerheit til kva verknader ein slik kabel kan få for framtidig styring og regulering av denne energiressursen og for straumprisen til vanlige hushaldningar og til norsk industri.

På denne bakgrunn vil fylkesutvalet tilrå at ein fyrst må evaluera erfaringane med dei to utanlandskablane som allereie er under bygging før ein kan vurdere bygging av nye utanlandskablar.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med 7 røyster (med utvalsleiaren si røyst) mot 6 røyster (A, Sp) for Håland sitt forslag.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Med bakgrunn i relevante mål og strategiar i regional planstrategi og Klimaplan for Hordaland, administrativ høyringsfråsegn til endringar i energilova, brev frå fylkesordføraren til Stortinget om energimeldinga og innspel frå Kraftfylka, er Hordaland fylkeskommune positiv til NorthConnect sin søknad om ny straumkabel til Storbritannia.

Slik Hordaland fylkeskommune vurderer det, vil kabelen leggja til rette for at fornybar kraft kan erstatta fossil kraft i Storbritannia, utvida marknaden og skapa betre balanse i kraftforsyninga. Opning for private aktørar som NorthConnect vil kunna føra til fleire prosjekt og eit nett med større kapasitet.

Fylket har stor kompetanse på relevant teknologi for utbygging av samband til utlandet. Slike prosjekt er omfattande og vil kunna skaffa arbeidsplassar i ei tid då arbeidsløysa har vore stigande i mange kommunar.

2. Det må haustast erfaringar frå alle nye kablar mellom Norden og land utanfor før straumkabelen vert tildelt konsesjon.
3. Hordaland fylkeskommune bed om tilleggsutgreiingar som
 - a. Vurderer konsekvensar av tiltaket for norske straumkundar inkl. den kraftkrevjande industrien og kven som skal dekke kostnadene med utbygginga.
 - b. Vurderer konsekvensar tiltaket vil få for naturmangfaldet i norske vassdrag under effektkøyring.
4. Hordaland fylkeskommune rår til følgjande vilkår for drift av kabelen til Storbritannia:
 - a. Kabelen må ikkje belasta norske nettkundar med kostnader.
 - b. Inntekter frå drift av kabelen må bidra til styrking av det norske sentralnettet.
 - c. Departementet må vurdere dei konkurransemessige konsekvensane av å gje konsesjon til NorthConnect.

- d. Det må stillast strenge krav til effektkøyning inn mot kabelen slik at naturmangfaldet i vassdraga ikkje vert skadelidande.
 - e. Kommersielle samband til utlandet utfordrar leveringstryggleiken der dei vert etablerte. Det er avgjerande for fylkeskommunen at forsyningstryggleiken i regionen blir prioritert framfor kommersielle behov.
 - f. Det må leggjast fiber i lag med kabelen, som del av infrastrukturutviklinga og for å auke potensialet for lokal verdiskaping.
 - g. Verdiskaping i involverte kommunar må ha prioritet i prosjektet.
5. For å redusera moglege negative verknader av tiltaket rår Hordaland fylkeskommune til følgjande justeringar av planane:
- a. Omformarstasjonen skal tilpassast omgjevnadene i Simadalen.
 - b. Grunnvassbrunnar som blir forstyrra av tiltaket, må flyttast.
 - c. For å avgrensa støyen nord, vest og aust for omformaranlegget bør det vurderast å flytta transformatorane til sørsida.
 - d. Anleggsarbeid i indre del av Hardangerfjorden/Simadalsfjorden bør unngåast under brislingfisket.
 - e. Ved konflikt med sårbare marine naturtypar som t.d. korallrev, må kabeltraséen justerast.
 - f. Anleggsarbeidet bør gjennomførast etter at hekkesesongen er over. Av omsyn til hekkeplass for vandrefalk bør legging av kabel på slike lokalitetar ikkje gjennomførast i perioden frå mars til mai.
 - g. Av omsyn til landskap og friluftsområde for handikappa i nedre del av Simaelva, bør jordkabel mellom omformarstasjonen og koplingsanlegget vurderast. Føresetnaden er at tiltaket ikkje har negative konsekvensar for andadrom fisk i elva. Alternativt er Hordaland fylkeskommune positiv til å opparbeida erstatningsområde andre stader langs elva.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 11.04.2018

Anne Gine Hestetun, A, opplyste at ho var styremedlem i BKK og stilte spørsmål om ho var inhabil.

Fylkesordføraren gjekk frå og fylkesvararordførar Pål Kårbø, KrF, leidde møtet medan spørsmålet om Hestetun var inhabil vart drøfta. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Hestetun ikkje var inhabil.

Hestetun tiltredde saksbehandlinga.

Roald Kvamme, A, sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 1 (tillegg):

Ei eventuell avgjerd om konsesjonar til å etablere nye utanlandsforbindelsar må innehalde ei vurdering av både pris- og miljøverknader, i tillegg til konsekvensar for drifta av kraftsystemet, forsyningstryggleik, prosjektet sine inntekter og utgifter samt andre verknader.

Fylkesutvalet vil peika på prinsippet om at Statnett, som også er systemansvarleg, skal eiga transmisjonsnett i Norge. Utanlandsforbindelsane er definert som transmisjonsnett, og at det difor også bør vera Statnett som eig og driv samtlige norske utanlandsforbindelsar.

Det må haustast erfaringar frå alle nye kablar mellom Norden og land utanfor før straumkabelen vert tildelt konsesjon. Fylkesutvalet syner i denne samanheng til vedtak på Stortinget om at ei slik evaluering skal gjennomførast før nye kablar vert bygd.»

Pål Kårbø, KrF, sette på vegner av KrF, A og Sp fram slikt forslag:

«Nytt punk 5 a, med forskyvning av dei andre punkta

Før anleggstart på grunnarbeida til omformaranlegget i Simadal, bør NorthConnect byggja gang- og sykkelveg langs Fv 103, frå avkøyringa til Blurnes bustadfelt til badeplassen i Savanes.»

Aud Karin Oen, SV, sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fylkesutvalet sier nei til alle nye straumkablar til utlandet, uansett kven som eig og byggjer dei. Framfor å eksportere kraft med store energitap på vegen, vil Fylkesutvalet bruka krafta til å sikra og skapa grønne industriarbeidsplassar i Noreg.
2. Fylkesutvalet fryktar konsekvensane auka effektkjøring vil ha for fisk, insekt, fuglar og plantar i og nær vassdraga. Auka kraftutveksling vil gjøre det lønnsomt å produsere ekstra mykje kraft når prisen er høg i utlandet, og dermed føre til rask reduksjon av vannføringa.
3. Fylkesutvalet vil ikkje risikera å få høgare straumprisar til industrien som følge av auka kraftutveksling med Europa, der prisane er høgare. Noreg skal fortsatt vera ein industrinasjon, ikkje ein råvareeksportør.»

Røysting

Oen sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.

Kvamme sitt forslag vart vedteke mot 1 røyst (SV).

Kårbø sitt forslag vart vedteke mot 1 røyst (SV).

Innstillinga vart vedteke mot 1 røyst (SV).

Vedtak

1. Ei eventuell avgjerd om konsesjonar til å etablere nye utanlandsforbindelsar må innehalde ei vurdering av både pris- og miljøverknader, i tillegg til konsekvensar for drifta av kraftsystemet, forsyningstryggleik, prosjektet sine inntekter og utgifter samt andre verknader.

Fylkesutvalet vil peika på prinsippet om at Statnett, som også er systemansvarleg, skal eiga transmisjonsnett i Norge. Utanlandsforbindelsane er definert som transmisjonsnett, og at det difor også bør vera Statnett som eig og driv samtlige norske utanlandsforbindelsar.

Det må haustast erfaringar frå alle nye kablar mellom Norden og land utanfor før straumkabelen vert tildelt konsesjon. Fylkesutvalet syner i denne samanheng til vedtak på Stortinget om at ei slik evaluering skal gjennomførast før nye kablar vert bygd.

2. Med bakgrunn i relevante mål og strategiar i regional planstrategi og Klimaplan for Hordaland, administrativ høyringsfråsegn til endringar i energilova, brev frå fylkesordføraren til Stortinget om energimeldinga og innspel frå Kraftfylka, er Hordaland fylkeskommune positiv til NorthConnect sin søknad om ny straumkabel til Storbritannia.

Slik Hordaland fylkeskommune vurderer det, vil kabelen leggja til rette for at fornybar kraft kan erstatta fossil kraft i Storbritannia, utvida marknaden og skapa betre balanse i kraftforsyninga. Opning for private aktørar som NorthConnect vil kunna føra til fleire prosjekt og eit nett med større kapasitet.

Fylket har stor kompetanse på relevant teknologi for utbygging av samband til utlandet. Slike prosjekt er omfattande og vil kunna skaffa arbeidsplassar i ei tid då arbeidsløysa har vore stigande i mange kommunar.

3. Det må haustast erfaringar frå alle nye kablar mellom Norden og land utanfor før straumkabelen vert tildelt konsesjon.
4. Hordaland fylkeskommune bed om tilleggsutgreiingar som
 - a. Vurderer konsekvensar av tiltaket for norske straumkundar inkl. den kraftkrevjande industrien og kven som skal dekke kostnadene med utbygginga.
 - b. Vurderer konsekvensar tiltaket vil få for naturmangfaldet i norske vassdrag under effektkøyring.
5. Hordaland fylkeskommune rår til følgjande vilkår for drift av kabelen til Storbritannia:
 - a. Kabelen må ikkje belasta norske nettkundar med kostnader.
 - b. Inntekter frå drift av kabelen må bidra til styrking av det norske sentralnettet.
 - c. Departementet må vurdere dei konkurransemessege konsekvensane av å gje konsesjon til NorthConnect.
 - d. Det må stillast strenge krav til effektkøyring inn mot kabelen slik at naturmangfaldet i vassdraga ikkje vert skadelidande.
 - e. Kommersielle samband til utlandet utfordrar leveringstryggleiken der dei vert etablerte. Det er avgjerande for fylkeskommunen at forsyningstryggleiken i regionen blir prioritert framfor kommersielle behov.
 - f. Det må leggjast fiber i lag med kabelen, som del av infrastrukturutviklinga og for å auke potensialet for lokal verdiskaping.
 - g. Verdiskaping i involverte kommunar må ha prioritet i prosjektet.
6. For å redusera moglege negative verknader av tiltaket rår Hordaland fylkeskommune til følgjande justeringar av planane:
 - a. Før anleggstart på grunnarbeida til omformaranlegget i Simadal, bør NorthConnect byggja

gang- og sykkelveg langs Fv 103, frå avkjøringa til Blurnes bustadfelt til badeplassen i Savanes.

- b. Omformarstasjonen skal tilpassast omgjevnadene i Simadalen.
- c. Grunnvassbrunnar som blir forstyrra av tiltaket, må flyttast.
- d. For å avgrensa støyen nord, vest og aust for omformaranlegget bør det vurderast å flytta transformatorane til sørsida.
- e. Anleggsarbeid i indre del av Hardangerfjorden/Simadalsfjorden bør unngåast under brislingfisket.
- f. Ved konflikt med sårbare marine naturtypar som t.d. korallrev, må kabeltraséen justerast.
- g. Anleggsarbeidet bør gjennomførast etter at hekkesesongen er over. Av omsyn til hekkeplass for vandrefalk bør legging av kabel på slike lokalitetar ikkje gjennomførast i perioden frå mars til mai.
- h. Av omsyn til landskap og friluftsområde for handikappa i nedre del av Simaelva, bør jordkabel mellom omformarstasjonen og koplingsanlegget vurderast. Føresetnaden er at tiltaket ikkje har negative konsekvensar for andadrom fisk i elva. Alternativt er Hordaland fylkeskommune positiv til å opparbeida erstatningsområde andre stader langs elva.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 02.03.2018**1. Innleiing**

Selskapet NorthConnect KS har søkt om løyve til å byggja ny straumkabel mellom Sima i Eidfjord kommune og Peterhead i Skottland. Det er søkt om løyve for å byggja og driva anlegga, og om løyve for å utveksla kraft med andre land.

Straumkabelen vert kalla «North Connect» og er planlagd med ein overføringskapasitet på 1400 MW. Olje- og energidepartementet er konsesjonsmynde, men har bede NVE handsama og vurdera planane. Søknadane er no på høyring, og NVE ynskjer innspel innan 15. april 2018.

I samband med høyringa av konsesjonssøknaden og konsekvensutgreiinga ynskjer NVE innspel på mellom anna følgjande:

- Kva meiner høyringsintansane om tiltaket?
- Er konsekvensane godt nok utgreia?
- Forslag til justeringar av planane for å redusera moglege negative verknader av tiltaket.
- Forslag til vilkår for drift av kabelen.

2. Søknaden**2.1. NorthConnect KS**

NorthConnect KS er etablert for å utvikla, byggja og drifta eit HVDC-samband mellom Noreg og Storbritannia. Selskapet er eigd av dei offentleg eigde energiselskapa Vattenfall, Agder Energi, Lyse og E-CO Energi. Selskapet blei etablert i 2011.

2.2. Grunngeving for tiltaket

NorthConnect KS sin forretningsidé er å planleggja, byggja og drifta eit samband mellom Noreg og Storbritannia. Kraftsystema i dei to landa er svært ulike. Det norske systemet er dominert av vasskraft, medan det britiske er dominert av termisk kraftproduksjon og ein stor og veksande del av vindkraft, særleg i Skottland. Det er generelt høgare prisar i Storbritannia enn i Noreg og ulik prisstruktur. Eit samband mellom desse marknadene vil då vera økonomisk gunstig å etablera. Etter NorthConnect sin analyse vil inntektene primært koma frå flaskehalsinntekter som skuldast prisskilnader mellom spotmarknadene i Noreg og Storbritannia.

Storbritannia har òg ein kapasitetsmarknad der NorthConnect kan delta. I kapasitetsmarknaden får ein betalt for å stilla produksjonskapasitet til rådvelde for den britiske systemoperatøren, «Transmission System Operator» (TSO). NorthConnect har på grunn av det norske vasskraftsystemet fått ein særhøg tilgjengelegheitsfaktor som gjer at inntektene kan bli betydelege i denne marknaden. I tillegg kan NorthConnect òg delta i andre marknader som potensielt kan gje betydelege inntekter. Av varsemdsomsyn er slike inntekter ikkje teke med i det samfunnsøkonomiske reknestykket.


Den samfunnsøkonomiske lønnsmda for den norske delen av sambandet er rekna til å vera om lag 14 milliardar kroner i basisscenarioet (gjeld halvparten av flaskehalsinntektene og inntektene frå kapasitetsmarknaden).

Dei gjennomførte berekningane i dei samfunnsøkonomiske analysane syner ein auke av kraftprisen i den norske marknaden på mellom 0,7 og 1,7 øre/kWh i basisscenarioet. Den største prisauken skjer i våte år


når norske kraftprisar er låge. Likevel vert prisverknaden motverka både av reduserte overføringstap i transmisjonsnettet og ekstraordinære inntekter, noko som gjev reduserte uttakstariffar i Noreg. I sum blir nettoprisauken for forbrukarane rekna til om lag 0,5 øre/kWh. NorthConnect utløyser ingen nettinvesteringar, jmf. brev frå Statnett 20.12.17.

2.3. Prosjektskildring

NorthConnect består av to omformarstasjonar, ein i Skottland og ein i Noreg, med likestraumskabel (sjøkabel) mellom desse, sjå figur 1. Omformarstasjonane koplar likestraumsambandet til dei respektive nasjonale transmisjonsnetta. Sjøkabelen vil bli ført mellom Peterhead i Skottland og Sima i Noreg, sjå figur 2.




Figur 1 Prinsippkisse over likestraumssamband mellom Noreg og Skottland




Figur 2 Sjøkabeltrasé frå Peterhead til Sima

Ved ilandføring i Sima vil sjøkabelen frå Peterhead vera om lag 665 km lang. Traséen i Hardangerfjorden er om lag 180 km. Den djupaste delen av fjorden, utanfor Norheimsund, er om lag 890 m djup. I den ytste halvdelen av fjorden er det fleire tersklar som må forserast. Slike hinder krev noko meir planlegging enn i område der botnen er flatare. Sjøkabeltraséen i Hardangerfjorden er illustrert i figur 3.



Figur 3 Sjøkabeltrasé til Sima



Figur 4 Skisse av situasjonsplan Sima. Inkludert omformarstasjon, anleggsrigg, utviding av Sima transformatorstasjon, luftspenn og kabelkorridor for likestraumskabel. I elva mellom omformarstasjonen og transformatorstasjon er det regionalt friluftsområde lagt til rette for handikappa.

Det er eit betydeleg tal kablar (om lag 40) samt ei rad ankerliner til fiskeoppdrett som er installert i Hardangerfjorden og som kryssar aktuell kabeltrasé. Desse er identifiserte, og det er kontakt med respektive eigarar.

Landtak vert etablert i Prestekoneholet i Sima. Sjøkabelen vert ført vidare i grøft om lag 300 m opp til omformarstasjonen. Stasjonstomten er om lag 50 daa. I anleggsfasen vil i tillegg tomten vest for noverande trasé for FV 103 nyttast til riggområde, sjå figur 4.

Stasjonstomten er relativt flat med god grunnforhold, men er utsett for skred. Det vil bli gjort førebyggjande tiltak som reduserer skadepotensialet ved eventuelle steinsprang til akseptabelt nivå. I tillegg vil tomten kunna bli utsett for overvatn ved flaum, men òg i denne samanhengen vil det bli gjennomført førebygging.

Sima transformatorstasjon ligg integrert saman med Statkraft sitt kraftverk og har tre 420 kV samband tilkople. Kombinasjonen med tre 420 kV samband og det store kraftverket gjer Sima til eit sterkt punkt i sentralnettet.

Det vert primært lagt opp til at vekselsstraumsambandet frå omformarstasjonen over Simaelva til Sima transformatorstasjon vert utført som 420 kV luftleidning duplex.

I samband med installasjon av sjøkabelen mellom Sima og Peterhead, vurderer NorthConnect installasjon av fiberkabel saman med kraftkabelen. Eit eventuelt fibersamband mellom Skottland og Noreg vil utanom naudsynt kommunikasjon mellom omformarane, også kunna utnyttast av andre.

2.3. Samfunnsøkonomisk analyse

NorthConnect har analysert moglege inntekter og samfunnsøkonomiske verknader for NorthConnect. Underlagsanalysane og –rapporten er gjennomført av Thema og er ein del av søknad om utanlandskonsesjon.

NorthConnect meiner det er føreteke ein robust analyse av effektane gjennom fleire scenario og sensitivitetar. Desse gjev eit utfallsrom for prisutvikling, inntekter og samfunnsøkonomisk lønsemd. Analysane er gjort for tre ulike hovudscenario for økonomisk utvikling og klimapolitikk i tillegg til at det er modellert sensitivitetar for å kvantifisera endringar i andre nøkkeldrivarar.

Hovudscenarioa er:

- **Basisscenarioet:** I dette scenarioet er det teke omsyn til alle kjende faktorar som fornybarmål, støtteordningar og andre reguleringar. CO₂-prisen aukar etter 2020 i dette scenarioet, medan brenselprisane er forventa å stiga moderat.
- **Høg:** Scenarioet er karakterisert av eit sterkt klimafokus med høge karbonprisar og en høg del fornybar kraftproduksjon. Konvensjonelle kolkraftverk vert fasa ut.
- **Låg:** Ein direkte resesjon fører til låge brensel- og CO₂-prisar og låg kraftetterspurnad, følgd av moderate prisar på lang sikt. Både prisnivået og prisdifferensane mellom Noreg og Storbritannia er låg i dette scenarioet som følgje av at karbonprisstønaden i Storbritannia er fjerna.

I tillegg har det blitt modellert fleire sensitivitetar for å kvantifisera effekten av endringar i andre nøkkeldrivarar. Desse er etablert for ytterlegare å beskriva robustheita i prosjektet.

Basert på scenarioa og kostnadsestimata over er det utført ein netto noverdianalyse. Det er stipulert ei levetid på 40 år, og det er berekna noverdi av alle inntekter/kostnader med 4 % rente. Vidare er det brukt valutakurs på 9 kroner per euro.

I alle scenarioa syner NorthConnect ei robust og høg samfunnsøkonomisk lønsemd. Ei nærar beskriving av dei samfunnsøkonomiske analysane og resultatata finst i søknaden om utanlandskonsesjon («Søknad om konsesjon for å eie og drifte utenlandsforbindelse til Storbritannia»).

3. Verknad for miljø, naturressursar og samfunn

I samsvar med det fastsette utgreiingsprogrammet til NVE er tiltaket sine konsekvensar for samfunn, miljø og naturressursar utgreidd.

3.1. Arealbruk og luftfart

Konklusjonen frå utgreiinga om arealbruk og luftfart er at tiltaket i Sima tek opp lite areal og ikkje vil vera til hinder for eksisterande planar for Eidfjord kommunen innanfor dei aktuelle temaa.

3.2. Støy

Støy frå eit slikt anlegg som NorthConnect prosjekterer, kjem først og fremst frå utandørs transformatorar og eventuelle harmoniske filter. Berekingar av grenseverdiar for støytilhøve ved den utforminga som er lagt til grunn, syner at støynivået ikkje er tilfredsstillt ved næraste bygg for støyfølsam bruk utan støydempende tiltak. Ei løysing kan vera å montera mineralullabsorbentar på innsida av skjermar rundt transformatorane. Tiltakshavar skisserer at også andre tiltak er moglege.

3.3. Magnetfelt

Magnetfeltet i fiskeslakteriet i nærleiken av omformarstasjonen er rekna til å liggja langt under utgreiingsnivået. Det gjeld òg fritidsbustadane aust for stasjonen.

Magnetreduserande tiltak vert ikkje vurdert som naudsynte.

3.4. Landskap og visualisering



Figur 5 Fotomontasje av omformarstasjonen i Sima

Simadalen har eit spektakulært landskap med høge fjell, bratte rassider, Hardangerjøkulen og elva Sima som renn ned til fjorden. Sidan 70-talet har dalen vore bygd ut av Sima kraftverk. Lokalt er elva Sima eit viktig miljø. Elva med tilhøyrande vegetasjonsbelte bør vektleggjast ved plassering av omformarstasjonen og arbeid med flaumsikring.

Den planlagde omformarstasjonen vil bli godt synleg frå fjorden, men han vil innordna seg eit allereie utbygd landskapsrom. Det spektakulære landskapet toler store bygningsvolum utan at desse blir for dominerande.

NorthConnect understrekar at visualiseringa er førebels skisser. M.a. er ikkje detaljutforming av ras- og flaumvoll ferdigstilt. Endeleg utforming vil bli gjort i detaljprosjekteringsfasen.

3.5. Utslepp, avrenning og drikkevatt

Det er i Sima identifisert nokre problemstillingar knytte til mogleg påverknad av ei stor grunnvasskjelde som vert nytta som vassforsyning. I anleggsfasen kan drift av anleggsmaskinar og uhell i samband med frakt av

drivstoff oppstå. Når det gjeld driftsfasen, er fare for oljelekkasjar ved transformatorstasjonen mest relevant. Det vil bli bygd opp oljeavskiljarar for å fanga opp eventuell oljelekkasje.

Samla konsekvens for drikkevatt i anleggs- og driftsfasen er vurdert til å vera lite til middels negativ.

Når det gjeld utslepp og avrenning til resipientar er, som for drikkevatt, faren størst i anleggsfasen. Betongarbeid og sprenging kan òg medføra at skadelege stoff kan leiast til grunnvatt og vassdrag. For anleggsfasen er derfor konsekvensen vurdert frå lite til middels negativt. På grunn av avgrensa risiko for utslepp av olje frå transformator i driftsfasen, er konsekvensen her vurdert som liten til middels negativ.

NorthConnect presiserer at sprenging ikkje er aktuelt for anleggsarbeidet for Sima omformarstasjon. Det er derfor lite sannsynleg med utslepp av skadelege stoff frå betongarbeid.

3.6. Fiskeri og havbruk

Under føresetnad av samarbeid og god informasjonsflyt til fiskarlag og fiskarar og at ein unngår anleggsarbeid i Eidfjorden/Indre Hardangerfjorden når det føregår brislingfiske, vert konsekvensane i anleggsfasen vurdert til å vera lite negativt.

Samla sett vert driftsfasen vurdert å ha lite negativt omfang og liten negativ konsekvens for fiskerinæringa.

Løysinga det er søkt om frå NorthConnect med luftline mellom omformaranlegget og koplingsanlegg, vil ikkje påverka elva direkte. Om sekundæralternativet med jordkabel blir realisert, vil elva bli kryssa av opptil seks kablar i grøft. I så fall tek NorthConnect sikte på å grava ned kabelen i elva i perioden januar-februar for å minimalisera påverknad på fisk i vassdraget, som er anadromt.

Legging av NorthConnect vil stort sett ikkje endra ressursgrunnlaget for fiskeoppdrett. Konsekvensane i anleggsfasen vert vurdert som små negative. I driftsfasen vil tiltaket ikkje påverka tilhøva for oppdrett.

Leggefartøy vil ikkje hindra skipstrafikken i anleggsfasen i særleg grad. I driftsfasen vil alle typar skipstrafikk gå føre seg uhindra.

3.7. Friluftsliv og ferdsle

Når det gjeld friluftsområde på land, vil tiltaket påverka eitt regionalt friluftsområde direkte og eitt område indirekte. Fylkesveg 103 er lokal sykkelveg samt tilkomstveg til viktige friluftsområde i Simadalen og oppe på fjellet. På grunn av plassering av tiltaket vil fylkesvegen måtta leggjast om på eit mindre strekk.

Ved å halda saman verdi og omfang for desse friluftsområda blir konsekvensen frå ubetydeleg til lite negativ. Det skuldast i stor grad stor avstand til friluftsområdet Kjeåsen. Det vil berre vera mellombels forstyrningar langs fylkesvegen og mellombels inngrep, samt avgrensa verknad i eit område allereie sterkt påverka av kraftindustrien nedst i Simavassdraget.

3.8. Kulturminne og kulturmiljø

To SEFRAK-registrerte bygningar på Tveitane vil bli direkte påverka av tiltaket. Dette gjeld eit våningshus og ei løe, begge frå 1800-talet. Verknaden av tiltaket vert vurdert å gi stort negativt omfang då den eine bygninga vert fjerna og heilskapen i kulturmiljøet dermed vert øydelagd. Den andre bygningen ligg så nært at det er vanskeleg å sjå for seg at den kan sparast.

Det vert rekna å vera minimum 10 000 skipsvrak i norsk sektor av Nordsjøen. I Hardangerfjorden er det pr. i dag registrert 34 skipsvrak frå ytst i Bømlafjorden til inst i Eidfjorden. Mange vrak ligg nær kysten, men det er òg vrak som ligg midtfjords.

Trass i at det er registrert ein del vrak i dei aktuelle områda, er det gjort høvesvis få undersøkingar og registreringar her. Det er derfor stort potensiale for nye vrakfunn i kyst- og fjordstrøka som vert påverka. Bergen Sjøfartsmuseum kjem difor til å stilla krav om undersøkingar etter kulturminnelovas § 9 med bruk av ROV.

Det kan skje at inngrep på havbotnen utanfor grunnlinja skadar kulturminne verna etter kulturminnelovas § 14.

Det er eit visst konfliktpotensiale med eit vrak midtfjords i ytre delar av Eidfjorden.

3.9. Naturmangfald

Tiltaksplanen vil gjennomgåande gje små negative konsekvensar for kjende førekomstar av naturmangfald. Kandidatområdet for marin verneplan og ei israndavsetjing vil bli direkte påverka, med middels negative konsekvensar for marine naturtypar.

I planområdet Sima vil ein lokalt viktig naturtype (gråor-heggeskog) forsvinna med dei føreliggande planane.

3.10. Reiseliv og turisme

Ei lokalisering i Sima står fram som eit godt alternativ for prosjektet. Her ligg allereie Noregs nest største kraftverk, og området er allereie industrialisert.

Eventuelle negative konsekvensar kan bli vega opp av eit oppsving i anleggsfasen, som med rett tilpassing kan bli positiv for turistnæringa, i sær for overnatting, matservering og detaljhandel.

3.11. Sysselsetting og verdiskaping

Bygginga av likestraumsamband mellom Skottland og Noreg vil kunna innebera positive ringverknader lokalt, regionalt og nasjonalt.

Dei lokale og regionale verknadene av NorthConnect-prosjektet kan delast i tre kategoriar:

- Indirekte verknader, som tek for seg m.a. underleverandørar og støttetjenester (hotell, restaurantar mm.).
- Induserte verknader, som er eit resultat av auka næringsverksemd, som igjen førar til auka sysselsetting og konsum.
- Katalytiske verknader, verknader som skuldast prosjektet og innverknad på andre lokaliseringa til andre bedrifter.

Næringslivet i Eidfjord, og i Hardanger-regionen generelt, er prega av mange små, og enkelte mellomstore, bedrifter i bygg- og anleggssektoren som ofte er underleverandørar til større bedrifter og prosjekt. North Connect er eit typisk prosjekt der slike bedrifter inngår og deltek med sine tenester.

Anleggsfaen vil vara i om lag to år. Verknadene av denne fasen vil hovudsakleg vera knytt til underleverandørar og støttetjenester til prosjektet, og sysselsettingseffekten det vil medføra. I tillegg til dette har Eidfjord kommune mange sysselsette i hotellnæringa, som vil ha kapasitet til å husa eventuell

tilreisande arbeidskraft. I tillegg vil andre dagligdagse tenester og varer for dei tilreisande vera naudsynte, og dette vil naturleg nok føra til meirsal av varer i kommunen.

I driftsfasen er dei største verknadene for kommunal økonomi knytt til eigedomsskatt, då særleg relatert til omformarstasjonen.

NorthConnect presiserer at prosjektet i tillegg vil stilla det til ein kvar tid tilgjengelege overskotet av varma kjølevatn frå omformarstasjonen til disposisjon for anna næringsverksemd. NorthConnect vil òg dekkja førstegongsinvestering i naudsynte varmevekslarar når behovet oppstår. Utnytting av overskotsvarme kan gje grunnlag for lokal næringsverksemd i driftsfasen til NorthConnect.

4. Fylkesrådmannen si vurdering

I samband med høyringa av konsesjonssøknaden og konsekvensutgreiinga ynskjer NVE innspel på mellom anna følgjande:

- Kva meiner høyringsintansane om tiltaket?
- Er konsekvensane godt nok utgreidde?
- Forslag til justeringar av planane for å redusera moglege negative verknader av tiltaket.
- Forslag til vilkår for drift av kabelen.

Hordaland fylkeskommune sine innspel tek utgangspunkt i regionale planar, fråsegner som er gitt i samband med høyringar om utanlandskablar og moment som har vore framme i samfunnsdebatten.

4.1. Kva meiner Hordaland fylkeskommune om tiltaket?

4.1.1. Relevante regionale planar

I Regional planstrategi for 2016-2020 er langsiktig mål formulert slik:
Hordaland skal vera berekraftig, attraktivt og nyskapande.

Blant hovudmåla er «høg sysselsetting» og «ei klima- og miljøvenleg utvikling». «Grøn konkurransekraft» gjennom utnytting av vasskraft og el-energi vert framheva som eit fortrinn.

Klimaplan for Hordaland 2014-2030 har som mål for energiproduksjon og –distribusjon:
Hordaland skal produsera og distribuera energi for å auka andelen og mangfaldet av fornybar energi.

Strategiar for å nå dette målet er m.a.:

Strategi B: Vere ein føregangsregion i produksjon og lagring av fornybar energi

3. *Utvikle og ta i bruk nye former og teknologiar for energiproduksjon og lagring av energi. Kompetanse, forskning og utdanning på energifeltet skal styrkjast. Verkemiddel må sikre utvikling, produksjon og tilgang til marknad/ sluttbrukar. Arbeide for betre vilkår for ny fornybar energi, som solenergi, offshore vindkraft, geotermi og bølge/tidevasskraft.*
4. *Energiproduksjonen må skje med minst mogleg arealkonfliktar, og med omsyn til naturmangfald, friluftslivområde og store landskapsverdiar i fylket. Jf. Fylkesdelplan for små vasskraftverk.*

Strategi C: Utvikle påliteleg distribusjonsnett for energi

8. *Utvikle distribusjonsnettet slik at fornybar energi i størst mogleg grad kan erstatte fossil energi.*

9. *Kraftnettet skal ha kapasitet og drift som sikrar høg leveringstryggleik av elektrisitet. Energooverføringa må skje med minst mogleg energitap. Effektoppane i straumnettet må kunne dempast på etterspurnadssida.*
10. *Lokal bruk av energiressursane hindrar unødig energitap gjennom distribusjon og lagring. Kraft- og varmenett må vere opne for levering av småskala produksjon av kraft og varme der dette kan gje betre utnytting av ressursane.*
11. *Kraftnettet skal byggjast med minst mogleg arealkonfliktar. Ein skal ta omsyn til naturmangfald, friluftsområde og store landskapsverdiar i fylket, jf. Fylkesdelplan for små vasskraftverk.*

Når det gjeld kraftutveksling med Europa, skriv planen:

«Noreg er del av ein felles nordisk og europeisk kraftmarknad. Kraftproduksjonen i Noreg har vore svakt aukande dei siste ti åra, medan storleiken på importen og eksporten av kraft har vore jamn. Produksjonen er 120-145 TWh i året. Gjennom døgn- og årsvariasjonar i krafttilgang og energipris vert kraft importert og eksportert. I femårsperioden 2008-2012 vart 5,4% av produksjonen i Noreg eksportert. Dei siste åra har eksporten av straum vore høgare enn importen, med unnatak av enkelte år der produksjonen i Noreg har vore låg. På grunn av kraftutvekslinga med Europa er tilgangen til elektrisitet i Noreg relativt stabil, trass i variasjonar i produksjonen frå år til år.

Utbygginga av fornybar kraft i Europa har auka og mykje er basert på vind og sol. Det er behov for å lagre elektrisiteten. Det kan gjerast ved utvikling av batteri- og hydrogenteknologi, eller ved å utnytte at nokre typar kraftproduksjon raskt kan skruvast av og på, som gasskraftverk og vasskraftverk med store magasin. Ei utfordring med å regulere kraftmarknaden for Europa er at overføringskapasiteten av elektrisitet mellom Noreg og kontinentet er låg. Det vil vere behov for fleire overføringskablar til utlandet og investering i eit kraftnett i Noreg som kan føre straumen fram til utanlandskablane. Marknaden for krafteksport og –regulering til Europa er usikker. Insentiv for auka produksjon av fornybar kraft er innført i mange europeiske land, med påfølgjande vekst i produksjon av kraft og lågare kraftpriser.

Etterspurnad etter norske kraftmagasin til lagring av kraft avheng også av utviklinga av lagringsteknologi. Det er eit stort forskingsfelt, og etter kvart som teknologien utviklar seg vil både batteri og hydrogen konkurrere med regulerbar kraft.»

4.1.2. Relevante innspel frå Hordaland fylkeskommune

4.1.2.1. Fråsegn til endringar i energiloven § 4-2 om utanlandskablar

I administrativ høyringsfråsegn frå regionalavdelinga til OED datert 01.12.15 vert dei føreslegne endringane i energilova om å tillata private utanlandskablar kommenterte. Også NorthConnect vert omtala (sjå femte avsnitt):

«Klimaplan for Hordaland 2014-2030 legg føringar for energi- og klimapolitikken i fylkeskommunen. Strategi C slår fast at det overordna prinsippet for nettpolitikken er å «utvikle påliteleg distribusjonsnett for energi». Underpunkt 8 utdjuvar dette med følgjande: «Utvikle distribusjonsnettet slik at fornybar energi i størst mogleg grad kan erstatte fossil energi». Fleire utanlandsforbindelsar vil leggje til rette for at fornybar energi, i form av fornybar kraft, kan erstatte fossilt basert kraftproduksjon i andre land. Med tanke på at stadig større delar av kraftproduksjonen i våre naboland også vil vere basert på fornybar kraft, som gjev utfordringar for leveringstryggleiken i desse landa, vil god overføringskapasitet vere sentralt for å utvide marknaden og skape balanse i kraftforsyninga. Opninga for at også private aktørar kan gjere dette vil kunne føre til fleire prosjekt og eit nett med større kapasitet og potensial for å gjere fornybar energi tilgjengeleg for å fortrenge fossil energi og slik vere med å oppfylle Strategi C – 8 i klimaplan for Hordaland.

Av strategi 3.6. C-9 i Klimaplan for Hordaland følgjer det at «Kraftnettet skal ha kapasitet og drift som sikrar høg leveringstryggleik av elektrisitet. Energooverføringa må skje med minst mogleg energitap.(...)». Dette

reiser spørsmålet om korleis kommersielle utanlandsforbindelsar utfordrar leveringstryggleiken der dei vert etablerte. Det er avgjerande for fylkeskommunen at forsyningstryggleiken i regionen må vere prioritert framfor kommersielle behov. Vidare vil det bli behov for utbygging av det innanlandske kraftnettet for å føre kraft fram til forbindelsane. Det er difor viktig å finne gode metodar for å knytte kostnadane på denne nettutvidinga eller –oppgraderinga til forbindelsane og at dei fordelast dit. Kraftnettet i Noreg står framfor store investeringar i tida som kjem og det er allereie i dag mange prosjekt i kø som ventar på å bli bygde ut. Prioriteringa mellom naudsynte nettoppgraderingsprosjekt er stram og det blir naudsynt med gode, gjennomsiktlige prosessar for å kostnadsføre prosjekt med hovudføremål å føre fram kraft til utanlandsforbindelsane. Dette for å hindre at forbindelsane vert unødige utsette, for at dei kjem i konkurranse med innanlandske prosjekt og for at lønsemda i prosjekta skal vere reell. Dette er grunngeve i høyringsuttale frå Samarbeidande kraftfylke, interesseorganisasjonen for fylkeskommunar med interesser innanfor vasskraft. Som medlem i organisasjonen viser vi til deira fråsegn for utfyllande kommentarar på dette og andre tema.

Strategi C-11 slår fast at «Kraftnettet skal byggjast med minst mogleg arealkonfliktar. Ein skal ta omsyn til naturmangfald, friluftsområde og store landskapsverdiar i fylket, jf. Fylkesdelplan for små vasskraftverk.» Utanlandsforbindelsar er arealkrevjande og vil råke fleire ulike andre nærings- og brukarinteresser, i tillegg til område med høg verdi av natur- og kulturminnevernomsyn. Hordaland fylkeskommune har utarbeidd verdikart for delar av fylket gjennom arbeidet med Fylkesdelplan for små vasskraftverk, for å kunne lette forvaltninga av landskaps-, natur-, reiseliv- og friluftinteresser i slike saker. Det er viktig å sikre gode, gjennomsiktlige prosessar gjennom konsesjonsordninga for at alle omsyn vert teke i rett tid, og at desse er leiande for resultatet. Når det kjem til areal utanfor fylket, vil det vere sentralt at prosessane vert samkørde mellom landa kring Nordsjøen for å sikre ei god, berekraftig forvaltning av havareala.

Fylket har stor kompetanse på relevant teknologi for utbygging av utanlandsforbindelsar. Slike prosjekt er store og omfattande og vil kunne skaffe arbeidsplassar i ei tid då arbeidsløysa er på veg opp. Det er difor eit godt tidspunkt for denne typen prosjekt, då det vil vere mogleg å skaffe kompetent arbeidskraft til gjennomføringa av anleggsarbeidet og behovet for arbeidsplassar i denne sektoren er aukande.

I Hordaland er diskusjonen kring privat eigde utanlandsforbindelsar aktualisert gjennom prosjektet North Connect, ein likestraumsleidning som etter planen skal starte i Sima i Eidfjord kommune. Kommunen er positiv til prosjektet og viser til at det vil kunne gi lokale skatteinntekter. Hordaland fylkeskommune ønskjer velkomen næringsprosjekt i fylket. Det er behov for næringsutvikling og vi ser det som viktig at det i samband med slike større prosjekt vert lagt til rette for størst mogleg verdiskaping. Ein bør vurdere å leggje fiber i samband med utanlandsforbindelsane, som del av infrastrukturutviklinga og for å auke potensialet for lokal verdiskaping.

Hordaland fylkeskommune er deltakar i Nordsjøkommissjonen, som har prioritert arbeidet med eit felles, maska nett for kraft i Nordsjøen. Nordsjøkommissjonen viser til at eit slikt felles nett vil kunne vere med å realisere det framtidige potensialet for aukande produksjon av fornybar energi i nordsjøområdet. Eit godt fungerande, maska nett vil krevje internasjonalt samarbeid mellom private og offentlege aktørar. Dette er viktig å etablere for å sikre ein heilskapleg utvikling av nettet, og særleg viktig dersom ein vel å liberalisere eigarskapen. Vi viser her til høyringsuttale frå Nordsjøkommissjonen for ytterlegare detaljar.»

4.1.2.2. Innspel til Meld. St. 25 (2015-2016): Kraft til endring - energipolitikken mot 2030

Fylkesutvalet i Hordaland vedtok den 19.05.16, i samband med referatsak 87/16 Energimeldinga, følgjande oversendingsforslag:

Fylkesutvalet ber om at det vert utarbeidd eit brev med innspel til Stortinget si handsaming av energimeldinga «Kraft til endring - energipolitikken mot 2030». Brevet skal belysa konsekvensar for Hordaland av forslaga i meldinga.

I brevet frå fylkesordføraren til Stortinget datert 01.06.16 vert det peikt på «område av særleg interesse for Hordaland og Vestlandet», m.a. utanlandskablar:

«Regjeringa opnar for at private aktørar kan byggje utanlandskablar, men vil hauste erfaring med dei to forbindelsane som er under bygging

Klimaplan for Hordaland 2014-2030 har som mål: Distribusjonsnett for energi må vere påliteleg og utviklast slik at fornybar energi i størst muleg grad kan erstatte fossil energi. God overføringskapasitet med fleire utanlandskablar vil leggje til rette for at fornybar kraft kan erstatte fossil kraft i andre land, utvider marknaden og skaper betre balanse i kraftforsyninga.

Opning for private nettutbyggjarar kan føre til fleire nettprosjekt og større kapasitet. Kommersielle utanlandskablar må likevel ikkje utfordra forsyningstryggleiken, som må ha høgste prioritet.

Utanlandskablar må ikkje belaste norske nettkundar med kostnader. Inntektene frå drift av utanlandskablane må bidra til styrking av det norske sentralnettet.

Kraftnettet i Noreg står framfor store investeringar og mange prosjekt ventar på å bli bygde ut. Det trengst gode gjennomsiktlege prosessar for å kostnadsføre prosjekt med hovudføremål å føre fram kraft til utanlandskablane. Ein må ikkje risikere at kablane vert unødig utsette, at dei kjem i konkurranse med innanlandske prosjekt eller at lønsemda i prosjekta ikkje vert reell. Jamfør fråsegn frå Kraftfylka.

North Sea grid

Ein tredjedel av all norsk kraftproduksjon skjer på Vestlandet (Statnett, 2011). Landsdelen har eit stort tal kraftverk med relativt liten kapasitet til å lagre vatn. Dette fører til avgrensa mulegheiter for å tilpasse produksjonen til forbruket i regionen, og gir behov for god leidningskapasitet mot omkringliggjande område. Auka kraftproduksjon, fleire utanlandskablar og nytt forbruk vil gje eit transportbehov som overstig kapasiteten på dagens leidningsnett. Nordsjøkommisjonen, kor Hordaland fylkeskommune er med, arbeider med eit felles maska kraftnett i Nordsjøen. Det vil kunne utløyse potensial for auka fornybarproduksjon, inkl. havvind.

Vestlandsrådet (fylkeskommunane Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal) har engasjert seg i North Sea grid.

For at eit North Sea grid skal kunne integrerast i det norske energisystemet, må ein ta omsyn til korleis småskala kraftverk kan koplase seg på nettet utan for store kostnader. Samstundes bør potensialet og realitetane rundt eit North Sea grid utgreiast *før* ei oppgradering av leidningsnettet, for å sikre at våre utbyggingar er compatible med eit EU-system. Framtidig samankopling må vere muleg.

Det er ei utfordring at kapasitetsauke i leidningsnettet ofte tar lengre tid å realisere enn auken i forbruk. Debatten rundt energisikkerheit til Europa og forbruksauke i Noreg må ta omsyn til kor stort kapasitetsauke det er realistisk at Vestlandet kan bidra med.

Fordeling av nettkostnader i regional/distribusjonsnettet

Fleire av dei største kraftproduserande områda på Vestlandet, særleg i Sogn og Fjordane, men også i Hordaland har mellom landets høgaste nettleiger. Sjå vedlegg.

Det er eit paradoks og vanskeleg å forsvare at områda med lågast befolkning, høgast fornybar produksjon og største miljøinngrep grunna kraftutbygging og nettoverføringar også skal ha dei høgaste nettkostnadene. Energimeldinga kjem ikkje med noko klart svar når det gjeld kostnadsfordeling av dei store nettinvesteringane som skal gjerast for å styrkje forsyningstryggleiken og på grunn av auka fornybar produksjon. Meldinga opnar for å innføre anleggsbidrag i maska nett. Eit kraftselskap som treng tilknytning for ny produksjon får då ein større del av rekninga for nettinvesteringa denne produksjonen utløyser. Utbygging av kraftnettet til landstraum og elektrifisering av kystflåten og ferjene aktualiserer denne situasjonen.

Stortinget må klargjere kven som skal betale for store nettinvesteringar knytt til ein nasjonal fornybarsatsing.

Det blir galt om einskildkundar i fylket, enten det er hushald eller næringsliv, skal betale for storsamfunnet sine mål om auka del av fornybar energi. Det kan føre til lågare oppslutning om meir kraftutbygging og – overføring og i verste fall fungere som eit negativt incentiv.

Det er behov for ein grundig diskusjon om dette.»

4.1.3. Kraftfylka

Samarbeidande Kraftfylke (Kraftfylka) er ei interesseforeining som har til føremål å fremja og ivareta kraftfylkas felles interesser i kraftspørsmål og sikra at ein størst mogleg del av verdiskapinga blir verande igjen i dei områda der vasskraftressursane finst og verdiane vert skapat. Fylkeskommunane Hordaland og Sogn og Fjordane er saman med 9 andre fylkeskommunar medlemar av Kraftfylka,

Kraftfylka har førebels ikkje gått inn i høyringa, men iflg. e-post frå dagleg leiar 28.02.18 er det mogleg dei vil gjera det. Tidlegare har Kraftfylka gitt høyringssvar om private kablar:

Høyringssvar til OED om endring av energilova for å tillata privat eigarskap til mellomlandssamband (04.01.16):

«Regjeringa foreslår å oppheve Statnetts såkalte kabelmonopol og vil endre energiloven slik at også andre kan eie og drifte mellomlandsforbindelser. Kraftfylka har ingen prinsipielle innvendinger mot privat eierskap til slike mellomlandsforbindelser, men kan bare støtte forslaget under visse betingelser. For det første kan dette ikke gjelde forbindelser som har betydning for forsyning til og drift av sentralnettet. Slike vil da også i framtida bli definert som transmisjon og kan dermed uansett bare eies av Statnett. For det andre må kommersielle forbindelser dekke sine kostnader i mottakerenden, ikke via inntektsrammer og norske kunder. For det tredje, Statnett må kunne pålegge anleggsbidrag og på den måten få dekket inn de kostnadene forbindelsene påfører sentralnettet. I tillegg må departementet vurdere de konkurransemessige konsekvensene dersom allerede dominerende aktører i det nordiske kraftmarkedet kommer inn på eiersiden på slike forbindelser.»

Innspel til Stortinget si behandling av privat eigarskap til mellomlandssamband (28.09.16):

«Kraftfylka har ingen prinsipielle motforestillinger mot privat eierskap i mellomlandsforbindelser, men lovforslaget som ligger hos Stortinget nå avklarer ikke hvordan disse skal tillates finansiert eller hvordan de skal dekke kostnadene som påføres sentralnettet. Det er ikke akseptabelt.»

4.1.4. Statnett

Statnett har vedteke etablering av to utanlandskablar til høvesvis Tyskland og Storbritannia, kvar med ein kapasitet på 1400 MW, dvs. same kapasitet som NorthConnect. Statnett rår til å hausta god erfaring frå alle nye kablar mellom Norden og land utanfor før ytterlegare kablar vert tildelt konsesjon. Denne formuleringa vert støtta av OED og er attgjeve i Energimeldinga.

Fylkesrådmannen støttar Statnetts og OED sitt synspunkt.

4.1.5. BKK

BKK er positiv til NorthConnect sin søknad. I eit innlegg i BT 05.03.18 seier dei at «kablar gjør norsk vannkraft mer verdifull» og at «en strømkabel til Storbritannia vil føre til at en større del av verdien av vannet tilfaller Vestlandet». «Kabelen mellom Sima og Peterhead krever heller ingen investeringer i det nasjonale strømmettet, og kabelen kommer rett inn i Norges største kraftoverskuddsområde. Produksjonen på Vestlandet er dobbelt så høy som forbruket.»

Også dette er argumentasjon som fylkesrådmannen kan slutta seg til, ikkje minst argumentet om lokal verdiskaping.

4.1.6. Eidfjord kommune

Eidfjord kommune har sett lokal høyringsfrist til 09.03.18 for å koma med uttale til søknaden. NorthConnect har hatt regelmessege møte med formannskap og kommunestyre om prosjektet der det har vore mogleg for kommunen å koma med ulike innspel. Kommunen har vore positiv til tiltaket og har synt til at det vil kunna gje lokale skatteinntekter. I møte med NVE og NorthConnect i Eidfjord 06.03.18 der òg fylkeskommunen var til stades, vart dette inntrykket forsterka. Ordføraren var særleg oppteken av at lokale tilbydarar fekk oppdrag og at prosjektet utløyste tiltak i lokal infrastruktur som vatn og kloakk og rassikring.

Fylkesrådmannen meiner lokal verdiskaping og bidrag til infrastruktur er viktig i prosjektet. Når det gjeld lokal eigedomsskatt, er det på grunn av endringar i skattesystemet knytt uvisse til kor stor skatteinntektene blir.

4.1.5. Oppsummering

Med bakgrunn i relevante mål og strategiar i regional planstrategi og Klimaplan for Hordaland, administrativ høyringsfråsegn til endringar i energilova, brev frå fylkesordføraren til Stortinget om energimeldinga og innspel frå Kraftfylka, er Hordaland fylkeskommune positiv til NorthConnect sin søknad om ny straumkabel til Storbritannia.

Fylkesrådmannen vil likevel understreka at konsekvensane på fleire område ikkje er godt nok utgreidde, sjå neste avsnitt, og at ein må hausta erfaringar frå alle nye kablar mellom Norden og land utanfor før ytterlegare kablar vert tildelt konsesjon.

4.2. Er konsekvensane godt nok utgreidde?

4.2.1. Energipolitikk

Bygging av likestraumsamband mellom Skottland og Noreg vil kunna innebera positive ringverknader lokalt, regionalt, nasjonalt og rundt Nordsjøen. Under vert det gjeve eit samandrag av innspel om utanlandskablar som har kome frå Hordaland fylkeskommune til OED og Stortinget i 2015 og 2016 (sjå kap. 4.1.2).

- God overføringskapasitet med fleire utanlandskablar vil leggje til rette for at fornybar kraft kan erstatta fossil kraft i andre land, utvider marknaden og skaper betre balanse i kraftforsyninga.
- Opninga for private aktørar vil kunne føra til fleire prosjekt og eit nett med større kapasitet.
- Fylket har stor kompetanse på relevant teknologi for utbygging av samband til utlandet. Slike prosjekt er omfattande og vil kunne skaffe arbeidsplassar i ei tid då arbeidsløysa har vore stigande.
- Eidfjord kommunen er positiv til prosjektet og viser til at det vil kunne gje lokale skatteinntekter. Hordaland fylkeskommune ønskjer velkomen næringsprosjekt i fylket.
- Ein bør vurdere å leggja fiber saman med sambanda til utlandet, som del av infrastrukturutviklinga og for å auka potensialet for lokal verdiskaping.
- Hordaland fylkeskommune er deltakar i Nordsjøkommisjonen, som har prioritert arbeidet med eit felles, maska nett for kraft i Nordsjøen.

- Kommerielle samband til utlandet utfordrar leveringstryggleiken der dei vert etablerte. Det er avgjerande for fylkeskommunen at forsyningstryggleiken i regionen vert prioritert framfor kommerielle behov.
- Kablar til utlandet må ikkje belaste norske nettkundar med kostnader. Inntektene frå drift av kablane må bidra til styrking av det norske sentralnettet.

Fylkesrådmannen ønskjer dessutan å slutta seg til nokre av dei vilkåra Kraftfylka set for å kunna godta private utanlandskablar (gjeve i høyringssvar 04.01.16, sjå over), dels overlappande med Hordaland fylkeskommune sine innspel:

- Kommerielle samband må dekkja kostnadene sine i mottakarlanda, ikkje via inntektsrammer og norske kundar.
- Statnett må kunna pålegga anleggsbidrag og på den måten få dekt inn dei kostnadene sambanda påfører sentralnettet.
- Departementet må vurdere dei konkurransemessige konsekvensane dersom allereie dominerande aktørar i den nordiske kraftmarknaden kjem inn på eigarsida på slike samband.

Utanlandskablar er energipolitisk omstridd. Det gjeld òg NorthConnect, som er den første private kabelen til utlandet på høyring. Både i fagrørsla og i det politiske miljøet er motstandarane bekymra for høgare straumprisar for forbrukarane og den kraftkrevjande industrien. Motstanden er delvis knytt til EUs tredje energimarknadspakke og energibyrådet Acer og frykta for tap av suverenitet i energipolitikken, men òg til at private selskap vil svekka Statnett si rolle. «LO og forbunda vil at utanlandskablar på norsk side skal vera offentleg eigde og driven, for å ha kontroll over forsyningstryggleiken, ha samfunnsmessig kontroll og å sikra Statnett inntekter for å unngå høgare nettleige og straumprisar for norske straumkundar» (LO sitt høyringssvar til endringar i energilova § 4-2).

Energi politisk er det dessutan grunn til å diskutera om utanlandskablar fremjar strategiane i Klimaplan for Hordaland om at «lokal bruk av energiressursar hindrar unødig energitap gjennom distribusjon og lagring» og at «energioverføringa må skje med minst mogleg energitap.»

Også i høve naturmangfald er NorthConnect omstridd. Natur- og friluftslivsorganisasjonar åtvarar mot meir effektkøyring når prisane i den britiske marknaden er høge. Dei meiner det kan føre til store skadar på det biologiske mangfaldet i dei vassdraga som forsyner kablane til utlandet med energi. Fylkesrådmannen vil i den samanhengen syna til strategi 3.6 B4 i Klimaplan for Hordaland om at energiproduksjon må skje «med omsyn til naturmangfald, friluftslivområde og store landskapsverdiar i fylket». Fylkesrådmannen meiner auka effektkøyring vil vera i strid med denne strategien. NVE må sjå til at dette ikkje skjer; t.d. gjennom endringar i reguleringsregimet for vassdraga som blir påverka av eksporten.

4.2.2. Sysseletting og verdiskaping

Tiltakshavar legg vekt på at «næringslivet i Eidfjord, og i Hardanger-regionen generelt, er prega av mange små, og enkelte mellomstore, bedrifter i bygg- og anleggssektoren som ofte er underleverandørar til større bedrifter og prosjekt. North Connect er eit typisk prosjekt der slike bedrifter inngår og deltek med sine tenester».

Anleggsfaen vil vara i om lag to år. I denne fasen meiner tiltakshavar at verknadene av prosjektet hovudsakleg vil vera knytt til underleverandørar og støttetjenester og sysselettingseffekten det vil medføra.

«I tillegg til dette har Eidfjord kommune mange sysselsette i hotellnæringa, som vil ha kapasitet til å husa eventuell tilreisande arbeidskraft. I tillegg vil andre dagligdagse tenester og varer for dei tilreisande vera naudsynte, og dette vil naturleg nok føra til meirsal av varer i kommunen».

I driftsfasen meiner tiltakshavar dei største verknadene for kommunal økonomi er knytt til eigedomsskatt, då særleg relatert til omformarstasjonen.

NorthConnect presiserer at prosjektet i tillegg vil stilla det til ein kvar tid tilgjengelege overskotet av varma kjølevatn frå omformarstasjonen til disposisjon for anna næringsverksemd. NorthConnect vil òg dekkja førstegongsinvestering i naudsynte varmevekslarar når behovet oppstår. Utnytting av overskotsvarme kan gje grunnlag for lokal næringsverksemd i driftsfasen til NorthConnect.

Fylkesrådmannen har ingen merknader til dei konsekvensane som er skisserte, men vil føya til at Hordaland fylkeskommune gjennom uttale til OED datert 01.12.15 løfter fram at fylket har stor kompetanse på relevant teknologi for utbygging av samband til utlandet. Slike prosjekt er omfattande og vil kunna skaffa arbeidsplassar i ei tid då arbeidsløysa i mange kommunar har vore stigande. Hordaland fylkeskommune seier vidare at dei ønskjer næringsprosjekt i fylket velkomen og at òg Eidfjord kommune er positiv til prosjektet.

4.2.3. Landskap

I Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke (Aurland Naturverkstad 2011) står Simadalen og Simadalsfjorden fram som «trange og dypskårne fjordarmer» av «vanlig forekommende» karakter». Høgfjellet i sør mot Eidfjord og Måbødalen vert klassifisert som «storforma og alpine fjellmassiv» av «middels verdi», medan fjellområdet i nord, også det storforma og alpint, vert verdsett til «vanlig forekommende».

På Hordaland fylkeskommune sine plansider er fjella rundt Simadalen klassifisert som «sårbart høgfjell» av «stor verdi». Tilsvarende er Simadalsfjorden og Simadalen karakterisert som «fjordlandskap» av «stor verdi».

Tiltakshavar framfører i søknaden at «den planlagde omformarstasjonen vil bli godt synleg frå fjorden, men innordna seg i eit allereie utbygd landskapsrom. Det spektakulære landskapet toler store bygningsvolum utan at desse blir for dominerande.»

Fylkestrådmannen er samd i denne vurderinga. Tiltaks- og influensområdet er allereie prega av Statkraft sine tekniske installasjonar, m.a. trafostasjon og landingsplass for helikopter. God landskapsmessig tilpassing av omformarstasjonen er likevel viktig. Om det ikkje fører til negative konsekvensar for anadrom fisk i Simaelva, bør ein dessutan vurdere jordkabel mellom omformaranlegget og koplingsanlegg.

4.2.4. Biologisk mangfald

I Artsdatabasen er det i Simadalen registert god førekomst av spettefuglar (kvitryggspett, dvergspett og gråspett) og i tillegg havørn, heipiplerke og gråtrost. I influensområdet på øyra ut mot Simadalsfjorden er det dessutan registrert svartbak.

Av viktige naturtypar er det registrert rik edellauvskog, gråor-heggeskog, slåttemark og naturbeitemark i Simadalen. I Hordaland fylkeskommune sine verdikart er det i Simadalsfjorden og Simadalen registrert to nordvende bekkekløfter med «potensial».

I planområdet vil naturtypen gråor-heggeskog forsvinna med dei føreliggande planane. Kandidatområdet for marin verneplan og ei israndavsetjing vil bli direkte påverka, med middels negative konsekvensar for marine naturtypar.

«Tiltaksplanen vil gjennomgåande gje små negative konsekvensar for kjende førekomstar av naturmangfald» konkluderer tiltakshavar. Under føresetnad av avbøtande tiltak i marint sårbare område, sluttar fylkesrådmannen seg til denne vurderinga.

4.2.5. Fisk

Av søknaden går det fram at søkjar er kjent med utfordringane i anleggsfasen ved legging av straumkabelen og dei mange fortøyingane frå oppdrettsanlegg i Hardangerfjorden. Følgjande er uttalt om dette i søknaden:

«NorthConnect har gjennom samarbeid med aktuelle oppdrettsanlegg innhentet informasjon om plassering av fortøyingssystemer for oppdrettsmerder. Denne vil bli oppdatert i den vidare planleggingsfase. Ved legging av kabel vil et vidare samarbeid med oppdretterne sikre en hensiktsmessig legging og sikre at anleggstrafikken ikke kommer i konflikt med disse. I de tilfeller det er gunstig for en best mulig plassering av kablene vil man inngå avtaler om samhandling i forbindelse midlertidig endring av ankringsystem i anleggsfasen.»

Hordaland fylkeskommune føreset at dette vert følgt opp vidare, og har elles ingen merknader til søknaden i høve akvakulturinteressene.

Om det ikkje er til skade for anadrom fisk i Simaelva, bør jordkabel vurderast mellom omformaranlegget og koplingsanlegg.

Anleggsarbeid i indre del av Hardangerfjorden/Simadalsfjorden bør unngåast under brislingfisket.

4.2.6. Kulturminne

Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å ivareta kulturminneinteressene, og tiltaka sin verknad på kulturminne og kulturmiljø skal avklarast og vurderast med tanke på verneverdi. I tillegg til fornminne og bygningar/bygningsmiljø, er det her også viktig å få fram både steingardar, gamle ferdselsårer, utmarksminne, tekniske kulturminne og kulturlandskap.

I våre arkiv er det ikkje kjent automatisk freda kulturminne innafor tiltaksområdet, men her ligg eit SEFRAK-registrert tun på Tveitane gbnr. 28/3. På bakgrunn av tidlegare gjenstandsfunn på garden og terrengtilhøve vist i utskiftingskart, finn Hordaland fylkeskommune det naudsynt med ei arkeologisk registrering av areal knytt til tiltaksområdet som ikkje har blitt forstyrra av flaum. For å oppfylle undersøkingsplikta i høve Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 9, må dette gjennomførast før vi kan gje fråsegn til planen. Registreringa vil avgjera om tiltak i utbyggingsområder på land kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne. Saka ligg også til fråsegn hos Bergens Sjøfartsmuseum.

Ettersom dette er ei kraftsak meiner Hordaland fylkeskommune det er viktig at resultatene etter den arkeologiske registreringa ligg føre når konsesjonsavgjerda skal fattast. Slik vil ein ha mest mogeleg informasjon for handa i samband med vurderinga av utbygginga, og kan tidlegast mogeleg i prosessen fastslå verknadane av planlagde inngrep, og eventuelt fremje avbøtande tiltak. Hordaland fylkeskommune gjer merksam på at planane må reviderast, eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde, dersom det viser seg at tiltak kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne.

I medhald av kulturminnelova §§ 9 og 10, må kostnadene ved registreringa betalast av tiltakshavar. Vi ber om at tiltakshavar tek kontakt med Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune for å få stadfesta omfang av registreringa og utarbeida eit kostnadsoverslag.

4.2.7. Friluftsliv

Kartlegging og verdsetting av regionalt viktige område for friluftsliv i Hordaland (2008) er fjellområda rundt Simadalen verdsett til regionalt friluftsområde av «stor verdi». Fjellgarden Kjeåsen ligg i dette området, 530 moh., med fritt utsyn ned mot tiltaksområdet. Sjølve tiltaket vil likevel ikkje koma i direkte konflikt med dette friluftslivet. FV 103, som er lokal sykkelveg, vil bli lagt om. Strekket er likevel kort.

Nedre del av Simadalselva er i Område for friluftsliv registrert som «viktig» handikappfiskeplass. I søknaden er fiskeplassen ikkje nemnd under avsnittet friluftsliv, men under avsnittet landskap på s. 57 står m.a.:

«Gjennom Simadalen renner elva Sima med en inntilliggende gang-/ridesti. Langs elven mellom den planlagte omformerstasjonen og AC koplingsanlegget på den andre siden av elven er det opparbeidet en badekulp og en fiskeplass. Miljøet langs elva er idyllisk. Bjørkeskogbeltet langs elva danner en buffer mellom elva og industri/bebyggelse.»

Fylkesrådmannen meiner det er viktig at denne bufferen vert teken vare på, i sær av omsyn til handikappa sitt behov. I så måte er planane om luftspenn tvers over Simaelva mellom omformarstasjonen og koplingsanlegget problematisk. Om tiltaket ikkje kjem i konflikt med anadrom fisk, vil fylkesrådmannen be NVE vurdere jordkabel i staden. Eit alternativ kan vera erstatningsområde andre stader langs elva.

4.2.8. Reiseliv

Skytjefossen og Rembesdalsfossen inst i Simadalen er i Hordaland fylkeskommune sine verdikart registrerte som reiselivsattraksjonar. Det same er Statkraft sitt besøkskraftverk på Sima, eitt av fem regionale informasjonssenter som Statkraft har etablert. Iflg. Statkraft ligg det årlege besøket på i overkant 7000.

Fylkesrådmannen meiner NorthConnect-anlegget som ein integrert del kan vera med å styrka det regionale informasjonssenteret til Statkraft. Fylkesrådmannen har elles ingen merknader til temaet.

4.2.9. Stråling

Magnetfeltet i fiskeslakteriet i nærleiken av omformarstasjonen er av søkjar rekna til å liggja lang under utgreiingsnivået. Det gjeld òg fritidsbustadane aust for stasjonen.

Magnetreducerande tiltak vert av tiltakshavar ikkje vurdert som naudsynte.

Fylkesrådmannen har ingen merknader til dette.

4.2.10. Støy

Berekningar av grenseverdiar for støytilhøve ved den utforminga som er lagt til grunn, syner at støynivået ikkje er tilfredsstillt ved næraste bygg for støyfølsam bruk utan støydempende tiltak. Ei løysing kan vera å montera mineralullabsorbentar på innsida av skjermar rundt transformatorane, men tiltakshavar skisserer også andre tiltak.

Eit slikt tiltak meiner fylkesrådmannen kan vera å flytta transformatorstasjonane til sørsida av omformarstasjonen. Det kan gje monaleg reduksjon i støynivået nord, vest og aust for stasjonen, som er dei mest støyutsette områda.

4.2.11. Oppsummering

Fylkesrådmannen meiner at positive samfunnsmessige konsekvensar av NorthConnect er godt utgreidde, men saknar ei grundig drøfting av moglege negative konsekvensar for norske straumkundar inkl. den kraftkrevjande industrien. Fylkesrådmannen saknar dessutan ei drøfting av kven som skal dekkja kostnadene for utbygginga.

I høve til biologisk mangfald saknar fylkesrådmannen drøfting av meir effektkøyring og dei konsekvensane slik køyring kan få for vassdraga når store mengder kraft skal ut i den britiske marknaden.

Når det gjeld fagrapportane, meiner fylkesrådmannen konsekvensane jamt over er godt nok utgreidde. Fleire av dei avbøtande tiltaka det er gjort framlegg om, vil redusera dei negative konsekvensane. Forslag til slike tiltak vil fylkesrådmannen koma attende til i neste avsnitt.

For kulturminne er det naudsynt med ei arkeologisk registrering på Tveitane i tiltaksområdet. For å oppfylle undersøkingsplikta i høve Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 9, må dette gjennomførast før fylkeskonservatoren kan gje fråsegn til planen. Registreringa vil avgjere om tiltak i utbyggingsområder på land kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne. Saka ligg også til fråsegn hos Bergens Sjøfartsmuseum.

Ettersom dette er ei kraftsak meiner Hordaland fylkeskommune det er viktig at resultatane etter den arkeologiske registreringa ligg føre når konsesjonsavgjerda skal fattast. Fylkeskonservatoren gjer merksam på at planane må reviderast, eller eventuelt leggast fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde, dersom det viser seg at tiltak kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne.

I medhald av kulturminnelova §§ 9 og 10, må kostnadene ved registreringa betalast av tiltakshavar. Vi ber om at tiltakshavar tek kontakt med Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune for å få stadfesta omfang av registreringa og utarbeida eit kostnadsoverslag

4.3. Forslag til justeringar av planane for å redusera moglege negative verknader av tiltaket

Med bakgrunn i fagrapportane frå NorthConnect og drøftinga i avsnitta føre og rår fylkesrådmannen til følgjande avbøtande tiltak i prosjektet:

- Omformarstasjonen skal tilpassast omgjevnadene i Simadalen.
- Grunnvassbrunnar som blir forstyrra av tiltaket må flyttast.
- For å avgrensa støyen nord, vest og aust for omformaranlegget bør det vurderast å flytta transformatorane til sørsida.
- Anleggsarbeid i indre del av Hardangerfjorden/Simadalsfjorden bør unngåast under brislingfisket.
- Ved konflikt med sårbare marine naturtypar som t.d. korallrev, må kabeltraséen justerast.
- Anleggsarbeidet bør gjennomførast etter at hekkesesongen er over. Av omsyn til hekkeplass for vandrefalk bør legging av kabel ikkje gjennomførast i perioden frå mars til mai.
- Av omsyn til landskap og friluftsområde for handikappa i nedre del av Simaelva, bør jordkabel mellom omformarstasjonen og koplingsanlegget vurderast. Føresetnaden er at tiltaket ikkje har negative konsekvensar for andadrom fisk i elva. Alternativt er Hordaland fylkeskommune positiv til å opparbeida erstatningsområde andre stader langs elva.

4.4. Forslag til vilkår for drift av kabelen

Med bakgrunn i relevante mål og strategiar i regional planstrategi og Klimaplan for Hordaland, administrativ høyringsfråsegn til endringar i energilova, brev frå fylkesordføraren til Stortinget om energimeldinga, innspel frå Kraftfylka og den pågåande debatten om utanlandskablar, rår fylkesrådmannen til følgjande vilkår for drift av NorthConnect:

- Kabelen må ikkje belasta norske nettkundar med kostnader.
- Inntekter frå drift av kabelen må bidra til styrking av det norske sentralnettet.
- Departementet må vurdere dei konkurransemessige konsekvensane av å gje konsesjon til NorthConnect.
- Det må stillast strenge krav til effektkøyring inn mot kabelen slik at naturmangfaldet i vassdraga ikkje vert skadelidande.
- Kommersielle samband til utlandet utfordrar leveringstryggleiken der dei vert etablerte. Det er avgjerande for fylkeskommunen at forsyningstryggleiken i regionen blir prioritert framfor kommersielle behov.
- Det må leggjast fiber i lag med kabelen, som del av infrastrukturutviklinga og for å auke potensialet for lokal verdiskaping.
- Verdiskaping i involverte kommunar må ha prioritet i prosjektet.

5. Oppsummering

Selskapet NorthConnect KS har søkt om løyve til å byggja ein ny straumkabel mellom Sima i Eidfjord kommune og Peterhead i Skottland. Det er søkt om løyve for å byggja og driva anlegga, og om løyve for å utveksla kraft med andre land.

Straumkabelen vert kalla «North Connect» og er planlagd med ein overføringskapasitet på 1400 MW. Olje- og energidepartementet er konsesjonsmynde, men har bede NVE handsama og vurdere planane. Søknadane er no på høyring, og NVE ynskjer innspel frå Hordaland fylkeskommune.

Med bakgrunn i relevante mål og strategiar i regional planstrategi og Klimaplan for Hordaland, administrativ høyringsfråsegn til endringar i energilova, brev frå fylkesordføraren til Stortinget om energimeldinga og innspel frå Kraftfylka, er fylkesrådmannen positiv til NorthConnect sin søknad om ny straumkabel til Storbritannia.

Slik fylkesrådmannen vurderer det, vil kabelen leggjast til rette for at fornybar kraft kan erstatta fossil kraft i Storbritannia, utvida marknaden og skapa betre balanse i kraftforsyninga. Opninga for private aktørar som NorthConnect vil kunna føra til fleire prosjekt og eit nett med større kapasitet.

Fylket har stor kompetanse på relevant teknologi for utbygging av samband til utlandet. Slike prosjekt er omfattande og vil kunna skaffe arbeidsplassar i ei tid då arbeidsløysa har vore stigande i mange kommunar. Eidfjord kommune er positiv til prosjektet og syner til at det vil kunna gje lokale skatteinntekter. Hordaland fylkeskommune har ønskt velkomen næringsprosjekt i fylket.

Fylkesrådmannen vil likevel understreka at konsekvensane på fleire område ikkje er godt nok utgreidde og at ein må hausta erfaringar frå alle nye kablar mellom Norden og land utanfor før prosjektet vert tildelt konsesjon.

Fylkesrådmannen saknar dessutan ei grundig drøfting av konsekvensar for norske straumkundar inkl. den kraftkrevjande industrien og kven som skal dekke kostnadene med utbygginga. Fylkesrådmannen vil difor be om tilleggsutgreiing på desse områda.

I høve til biologisk mangfald saknar fylkesrådmannen drøfting av meir effektkøyring og dei konsekvensane slik køyring kan få for vassdraga når store mengder kraft skal ut i den britiske marknaden. Også i høve dette temaet bed fylkesrådmannen om tilleggsutgreiing.

Dei mangelfulle utgreiingane og dei usikre konsekvensane gjer dessutan at Fylkesrådmannen fremjar vilkår for drift av kabelen, sjå kap. 4.4.

Når det gjeld fagrapportane, meiner fylkesrådmannen konsekvensane jamt over er godt nok utgreidde. Dei justeringane det er gjort framlegg om, vil redusera dei negative konsekvensane, sjå kap. 4.3.

Ettersom dette er ei kraftsak meiner Hordaland fylkeskommune det er viktig at resultatane etter den arkeologiske registreringa ligg føre når konsesjonsavgjerda skal fattast. Fylkeskonservatoren gjer merksam på at planane må reviderast, eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde, dersom det viser seg at tiltak kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne.

From: Jan Nordø <Jan.Nordo@hfk.no>
Sent: 20. april 2018 10:13
To: NVE
Cc: Marcussen Kristian; Fylkesmannen i Hordaland
Subject: Søknad om ny straumkabel til Storbritannia. Melding om vedtak.
Attachments: Søknad om ny straumkabel til Storbritannia. Melding om vedtak..PDF

Hei

Her kjem heile saksprotokollen. Sjølvve vedtaket er send i e-post 17.04.18.

Jan Nordø
Sakshandsamar

Norges Vassdrags- og Energidirektorat (nve)
Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Adm.enhet: Utviklingsseksjonen
Saksbehandler: Bård Aarbakke
Telefon:
Vår referanse: 18/2517
Deres referanse: 201101044-57
Dato: 19.04.2018

Att:
Kristian Marcussen

NorthConnect KS - Høring av søknad om ny straumkabel mellom Sima i Edfjord kommune og Peterhead i Skottland og invitasjon til møte

Viser til deres brav av 07. februar 2018 vedrørende ovennevnt høring av søknad om ny strømkabel mellom Norge og Storbritannia.

Selskapet NorthConnect KS har søkt om løyve til å bygge en ny straumkabel mellom Sima i Eidfjord kommune og Peterhead i Skottland. Straumkabelen blir kalt «NorthConnect» og skal gå i Hardangerfjorden og kommer ut litt nord for Karmøy der den strekker seg videre over til Skottland. Kabelen har en planlagt overføringskapasitet på 1400 MW.

Fiskeridirektoratets kommentarer til høringen av søknaden:

Fiskeriaktiviteten slik den er beskrevet i del B – 1 under punkt 4.2.3 synes i all hovedsak å være dekkende.

I del B – 1 under punkt 5.2.2, Driftsfasen, står det at ved steindumping bør det velges stein-/grusstørrelse ut fra hva som er gunstig for fiskeflåten. Fiskeridirektoratet påpeker at på rekefeltene bør bruk av steinfylling begrenses til et minimum, men dersom det er nødvendig bør en bruke så små stein som mulig. Fiskeridirektoratet er også opptatt av at helningsvinkelen på steinfyllinger er så liten som mulig slik at trålredskaper lettere kan krysse disse uten å grave med seg steinmasser som kan medføre tap av redskap og/eller fangst.

Fiskeridirektoratet oppfordrer til at det opprettes dialog med lokale fiskerlag og Fiskebåt så tidlig som mulig for å informere om prosjektet slik at en kan unngå konflikter i anleggsfasen.

Fiskeridirektoratet har ingen øvrige merknader til saken. Eventuelle merknader vedrørende biologiske ressurser antas ivaretatt av Havforskningsinstituttet.

Med hilsen

Anne Kjos Veim
seksjonssjef

Bård Aarbakke
rådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og sendes uten håndskreven underskrift

Mottakerliste:

Norges Vassdrags- Energidirektorat (nve)	og Postboks Majorstua	5091 0301	OSLO
---	--------------------------	-----------	------

Kopi til:

Anne Kjos Veim

Dagfinn Lilleng

Havforskningsinstituttet

Postboks 1870 5817 BERGEN

Nordnes

Norges Fiskarlag

Postboks 1233 7462 TRONDHEIM

Torgarden

Nærings- og Fiskeridepartementet

Postboks 8090 Dep 0032 OSLO

From: Helga Helleland <helga.helleland@ullensvang.herad.no>
Sent: 24. april 2018 13:44
To: Marcussen Kristian
Subject: 18/148-5 Uttale til North Connect KS - Sjøkabel mellom Sima og
Storbritannia
Attachments: Vedtaksbrev.pdf

Follow Up Flag: Følg opp
Flag Status: Flagged

Sjå vedlagte saksdokument.

Med venleg helsing
Ullensvang herad

Denne E-posten er filtrert av MessageLabs Email Security System.
For meir informasjon, besøk <http://www.messagelabs.com/email>



Norges Vassdrags og Energidirektorat (NVE)
Kristian Marcussen
Middelthunsgate 29
Postboks 5091
0301 OSLO

Vår ref. 18/148- 5
Jp.id. 18/3882

Saksh. Helga Helleland
Tlf. 53671554

Arkiv
N - 654.2

Dato
24.04.2018

Uttale til North Connect KS - Sjøkabel mellom Sima og Storbritannia

Heradsstyret - 18/2018:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Ullensvang heradsstyre er positive til konsesjonssøknaden, på vilkår av at føreslegne avbøtande tiltak i konsekvensutgreiinga vert gjennomførte.

Generell informasjon om rettleiing, innsyn og klagerett

Rettleiing:

Etter forvaltningslova § 11 har Ullensvang herad plikt til å rettleia og informera deg om kva rettar og plikter du har som part i saka, slik at du kan ivareta interessene dine i saka på ein tenleg måte. Dersom du har spørsmål m.m. til vedtaket som er gjort, kan du ta kontakt med heradet v/sakshandsamar for nærare opplysningar.

Rett til innsyn i saksdokument:

Som part i saka har du rett til å gjera deg kjend med dokumenta i saka (partsinnsyn) i samsvar med forvaltningslova § 18 og med dei avgrensingar som følgjer av same paragraf og § 19. Dersom du ønskjer nærare opplysningar om retten til innsyn i aktuelle dokument i denne saka, kan du ta nærare kontakt med heradet v/sakshandsamar.

Klagerett, skriftleg klage:

Du har rett til å klaga på vedtaket som er gjort. Når ikkje noko anna er fastsett, er klagefristen tre veker frå den dagen vedtaksbrevet har kome fram til deg, sjå elles forvaltningslova § 29. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagd same dag som klagefristen går ut. Dersom du klagar så seint at det kan vera uklart/tvil om kor vidt du har klaga innan klagefristen, ber me om at du i klagebrevet opplyser om kva dato du fekk vedtaksbrevet.

Klage på vedtaket skal sendast skriftleg til Ullensvang herad. Klagebrevet bør innehalda ei nærare grunngjeving for klagen og opplysningar om kva for endringar som er ønskelege i vedtaket som det vert klaga på.

Dersom du har spørsmål til reglane som gjeld for klagehandsaminga, kan du også ta kontakt med heradet v/sakshandsamar for nærare opplysningar om desse reglane.

Med helsing
Ullensvang herad

Helga Helleland
Kommunalsjef Teknisk

Kopi til arkiv og kopibok

Ullensvang herad

Sakspapir

SAKSGANG

Styre, utval, del. vedtaksmynde.	Møtedato	Saksnr
Heradsstyret	16.04.2018	18/2018

Saksansv .: Helleland, Helga	Arkiv: N - 654.2	J.post id.	Arkivsaknr
	Objekt:	18/2863	18/148 - 3

Uttale til North Connect KS - Sjøkabel mellom Sima og Storbritannia

Endeleg vedtak i:

Heradsstyret

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Energilova

Havenergilova

Plan- og bygningslova

Oreigningslova

Saksutgreiing:

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har i brev datert 7. februar 2018 sendt på høyring søknad om bygging av ny straumkabel til Storbritannia, frå Sima i Eidfjord kommune til Peterhead i Skottland. Høyringsfristen er 15. april 2018.

Høyringsdokumenta er ikkje vedlagt, men er å finna på www.nve.no/kraftledninger.

NVE ber om innspel på fylgjande:

- Kva meiner høyringsinstansane om tiltaket?
- Er konsekvensane godt nok utgreia?
- Forslag til justeringar av planane for å redusera moglege negative verknader av tiltaket
- Forslag til vilkår for drift av kabelen

Straumkabelen vert kalla «NorthConnect» og selskapet som søker er NorthConnect KS.

NorthConnect KS søker om konsesjon i medhald av energilova og havenergilova. Konsekvensutgreiinga som er vedlagt søknaden er utarbeidd i medhald av reglane i plan- og bygningslova (pbl) kap 14 med forskrifter. I tillegg søker NorthConnect KS om oreigningsløyve i Eidfjord kommune.

Konsesjonshandsaming etter energilova og havenergilova skal gje ei brei handsaming. Viss det vert gjeve konsesjon, treng ikkje tiltaket løyve etter andre regelverk som t.d. plan- og bygningslova og hamne- og farvasslova. Det er difor viktig at søknaden er grundig, og at heradet sin eventuelle uttale kjem på dette stadiet.

Dei delane av tiltaket som direkte berører Ullensvang herad er sjøkabelen frå kommunegrensa mot Eidfjord til kommunegrensa mot Granvin og Jondal. Sjøtraseen er ikkje endeleg fastsett, men går omlag midtfjords. Kablane vert lagt i grøft og dekt til.

I kommuneplanen til Ullensvang herad er fjorden avsett til friluftsområde i sjø og vassdrag, der kystzoneplanen er gjeldande. I kystzoneplanen er området midtfjords avsett til «allmenn fleirbruk». Det er ikkje sett føresegner til føremålet. Enkelte område er avsett til «fiske», men desse er ikkje i aktiv drift i dag, og vil truleg ikkje koma i konflikt med tiltaket.

Konsekvensutgreiinga etter pbl kap 14 som er vedlagt søknaden, er ganske omfattande og grundig for eit så stort prosjekt. Av moglege negative konsekvensar som er funne i utgreiinga for Ullensvang herad finn me fylgjande:

